



- eit fyrstårn i vest

# Folkehelseoversikt 2019

Øygarden kommune



[WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO](http://WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO)

## INNHALD

<b>FORORD</b> .....	<b>4</b>
<b>Lov om folkehelse</b> .....	<b>4</b>
<b>Prosess for folkehelseoversikta i Øygarden kommune</b> .....	<b>4</b>
<b>Folkehelseundersøkinga Hordaland 2018</b> .....	<b>5</b>
<b>Ungdata-undersøkinga</b> .....	<b>5</b>
<b>Folkehelseprofilar</b> .....	<b>5</b>
Folkehelseprofilar for kommunane 2019 .....	6
Sund kommune .....	7
Fjell kommune.....	8
Øygarden kommune .....	9
<b>Risikoindeks</b> .....	<b>10</b>
<b>Kommune-ROS for Øygarden kommune</b> .....	<b>11</b>
<b>A - BEFOLKNINGSSAMANSETNAD</b> .....	<b>12</b>
<b>Kven er innbyggjarane våre?</b> .....	<b>12</b>
Utvikling i talet på innbyggjarar .....	12
Aldersfordeling .....	13
Framskrivning av folketalet.....	14
Fødselstal og folkevekst.....	16
Utanlandske statsborgarar etter nasjonalitet .....	17
Familietypar .....	19
Sivil status .....	21
Barn av einslege forsørgjarar .....	22
Utdanningsnivå .....	23
<b>B - OPPVEKST OG LEVEKÅRSFORHOLD</b> .....	<b>27</b>
<b>Korleis er det å vekse opp i kommunen?</b> .....	<b>27</b>
<b>Barnehage, skule, barnevern</b> .....	<b>27</b>
Barnehage .....	28
Opne barnehagar.....	30
Skule .....	30
Barnevern.....	36

<b>Korleis er det å arbeide her? .....</b>	<b>37</b>
<b>Korleis er bustadtilhøva i kommunen? .....</b>	<b>45</b>
<b>Korleis er dei økonomiske forholda og i kva grad er det skilnader? .....</b>	<b>51</b>
Fordeling av hushald etter samla inntekt .....	51
Hushaldsinntekt etter skatt, etter type hushald .....	52
Gjeld .....	53
Mål på ulikskap .....	54
Sjølvopplevd økonomi .....	56
Hushald med låginntekt .....	56
Barn i låginntektshushald .....	57
Uføretrygda .....	58
Alderspensionistar .....	61
Brutto utbetalt sosialhjelp .....	63
<b>C -FYSISK, BIOLOGISK, KJEMISK OG SOSIALT MILJØ .....</b>	<b>64</b>
<b>Korleis er det fysiske miljøet og i kva grad er det gjort trygt og tilgjengeleg for befolkninga?.....</b>	<b>64</b>
Drikkevasskvalitet.....	64
Klima/miljø .....	66
Luftkvalitet.....	66
Utandørs støy .....	68
Radon .....	71
ASBEST .....	72
Smittsame sjukdomar .....	72
Vaksinasjonsdekning.....	73
Antibiotikabruk .....	75
Tilgang til friluftsområder og turvegar .....	76
Tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng.....	77
Omfang av universelt utforma uteområde .....	79
Kor nøgde er dei unge med sitt lokalmiljø?.....	79
Gang og sykkelveg .....	80
<b>Korleis er det sosiale miljøet og i kva grad er det gjort trygt og tilgjengeleg for befolkninga?.....</b>	<b>81</b>
Einsemd.....	81
Korleis er ungdom sosiale?.....	82
Mediebruk blant ungedom .....	82
Organisert fritid.....	83
Organisert fritid blant vaksne .....	83
Kollektivtransport.....	84

Reisevanar.....	84
Kulturdeltaking og tilbod .....	85
<b>Kva sider ved det sosiale miljøet vi bør vere særskilt merksame på? .....</b>	<b>86</b>
Mobbing .....	86
Kriminalitet .....	87
Valdeltaking.....	88
<b>D - SKADER OG ULYKKER .....</b>	<b>90</b>
<b>Kva for type skader og ulukker blir innbyggjarane våre utsette for? Kvar og korleis skjer ulukkene? Kven blir råka?.....</b>	<b>90</b>
Vegtrafikkulykker.....	90
Brann .....	92
Personskader behandla i sjukehus .....	95
<b>E - HELSERELATERT ÅTFERD .....</b>	<b>98</b>
<b>Korleis lever folk liva sine? .....</b>	<b>98</b>
Helseundersøkingar for barn .....	98
Røyking og tobakksbruk.....	100
Overvekt på sesjon .....	102
Tannlegebesøk.....	103
Vald og mishandling .....	104
Kosthald og fysisk aktivitet .....	105
Alkohol.....	106
Cannabis.....	106
Rusmiddelbruk blant vaksne.....	107
<b>F - HELSETILSTAND .....</b>	<b>109</b>
<b>Korleis er helse til befolkninga? .....</b>	<b>109</b>
Psykisk helse .....	109
Muskel- og skjelettsjukdom og -plagar .....	110
Fødselsvekt.....	111
Diabetes type-2 .....	112
Hjarte- og karlidingar.....	112
Kreft, nye tilfelle .....	113
Dødsårsaker .....	114
<b>KJELDER.....</b>	<b>117</b>

## FORORD

Første januar 2020 vart dei tre kommunane Sund, Fjell og Øygarden slått saman til ein stor kommune med vel 38 000 innbyggjarar; (Nye) Øygarden kommune. Folkehelseoversikta for den nye kommunen vart utarbeida medan det framleis var tre kommunar. Dermed var det mogleg å avdekka geografiske skilnader og ulike forhold mellom dei tre kommunane. Folkehelseoversikta vil også gi oss eit bilete på kva for problemstillingar som vil vera felles for heile den nye kommunen. Oversikta skal gi kommunen eit grunnlag til å prioritera viktige satsingsområde framover, og vil utgjera eit viktig kunnskapsgrunnlag i kommunen sin planstrategi.

Folkehelseoversikta viser at på mange område er det liknande utfordringar på tvers av dei tre tidlegare kommunane, men ofte ser ein at utfordringane er større i ein av dei tre tidlegare kommunane enn i dei andre to. Dette er viktig kunnskap for kommunen å ta med seg i planlegging av tenestene framover.

## LOV OM FOLKEHELSE

Folkehelselova pålegg alle kommunar å ha naudsynt oversikt over helsetilstanden i befolkninga, samt positive og negative faktorar som påverkar helsa vår. Oversikta skal synleggjera korleis helsa fordeler seg i befolkninga, og kommunen skal vera særleg merksam på trekk ved utviklinga som kan skapa eller oppretthalda sosiale eller helsemessige problem eller sosiale forskjellar i helse. Lova seier at det skal utarbeidast ei skriftleg oversikt kvar fjerde år som skal liggja til grunn for det langsiktige folkehelsearbeidet. Oversikta skal identifisera dei viktigaste folkehelseutfordringane for kommunen, og peika på årsaksforhold og konsekvensar. Arbeidet med helseoversikta skal liggja til grunn for kunnskapsgrunnlaget til planstrategien.

## PROSESS FOR FOLKEHELSEOVERSIKTA I ØYGARDEN KOMMUNE

For at folkehelseoversikta skal fungera etter hensikta med lova er det naudsynt at heile organisasjonen tek eigarskap til folkehelsearbeidet. Forankring av folkehelsearbeidet og involvering av organisasjonen har difor hatt prioritet i arbeidet hausten 2019. Blant anna er det gjennomført to arbeidsseminar med deltakarar frå dei tre tidlegare kommunane og den nye storkommunen i tillegg til eksterne samarbeidspartnarar som politi, brannvesen, vidaregåande skule, ØyVAR og tannhelsetenesta. Føremålet med arbeidsseminara har vore todelt. Ein har både hatt fokus på forankring og legitimitet til folkehelsearbeidet, samtidig som ein har ønska å samla innsikt frå tilsette i og utanfor organisasjonen.

Det er nytta ulike metodar for datafangst i folkehelseoversikta. Arbeidet har tatt utgangspunkt i fylkeskommunen sin mal for folkehelseoversikt, og inneheld tema som befolkningssamansetnad, oppvekst og levekår, fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø, skadar og ulykker, helserelatert åtferd og helsetilstand. Tilgjengeleg statistikk innanfor dei ulike tema gir informasjon om korleis kommunen ligg an samanlikna med fylket og landet. Denne statistikken er supplert med kvalitative data gjennom gruppeintervju med ulike tenester i kommunen, samt ein del eksterne samarbeidspartnarar. Totalt er om lag 40 personar intervjuja. Ein kombinasjon av kvantitative og kvalitative data har vore naudsynt for å gje eit riktig utfordringsbilete, samt for å analysa årsakssamanhengar. Innspel frå innbyggjarane er henta gjennom intervju med elevråd, og det er gjennomført nokre intervju med eldre heimebuande. I tillegg har ein brukt tilgjengelege undersøkingar, som til dømes Ungdata og Folkehelseundersøkinga i Hordaland (2018).

## FOLKEHELSEUNDERSØKINGA HORDALAND 2018

I 2018 vart det for første gang gjennomført ei folkehelseundersøking for den vaksne delen av befolkninga (18 år og eldre) i Hordaland. I Folkehelseundersøkinga Hordaland er fylket delt inn i regionar. Sund, Fjell og Øygarden utgjør region Vest saman med Askøy kommune. Funn frå folkehelseundersøkinga viser at innbyggjarane i region Vest i mindre grad opplever at dei har tilgang til grøntareal og natur- og friluftsområde enn dei andre regionane i fylket. Det er også færre som opplever at dei har god helse, og ein lågare del som føler seg tilfreds med livet. Det er også i region Vest det har gått lengst tid sidan førre tannlegebesøk. Undersøkinga tek også for seg kosthaldsvaner og fysisk aktivitet, og viser at i mange tilfelle er region Vest under snittet for fylket når det gjeld gode levevaner.

## UNGDATA-UNDERSØKINGA

Sund og Øygarden fekk gjennomført ungdatabundersøkinga i 2017, og utvalde resultat frå undersøkinga er tatt med i folkehelseprofilane for 2019, som Folkehelseinstituttet utarbeider for kommunane kvart år. I Fjell kommune vart ungdatabundersøkinga gjennomført i 2019, og resultatane frå undersøkinga er ikkje tatt med i folkehelseprofilen for Fjell kommune 2019. Hovudtrekk frå ungdatabundersøkinga i Fjell viser at:

- Ungdommane i Fjell opplever i mindre grad mobbing enn snittet for landet.
- Ein større prosentdel ungdommar i Fjell er nøgd med lokalmiljøet sitt enn i landet elles
- Samanlikna med snittet for kommunane i Noreg er det færre ungdommar i Fjell som deltek i fritidsorganisasjonar
- Ungdommane i Fjell er om lag like nøgd med treffstader der ein kan treffa andre unge på fritida, som landet elles
- 26 prosent av ungdommane i Fjell er ganske mykje eller veldig mykje plaga av einsemd (landssnittet er 20 prosent)
- Samanlikna med data frå tidlegare år ser ein at ungdommar i Fjell er mindre aktive enn tidlegare
- Langt større prosentdel ungdommar i Fjell brukar fire timar eller meir på skjerm kvar dag (42 prosent i Fjell, 31 prosent i Noreg)

## FOLKEHELSEPROFILAR

Folkehelseinstituttet utarbeider kvart år folkehelseprofilar for kommunane. Det er ikkje utarbeida felles folkehelseprofil for Nye Øygarden kommune, men ved å samanlikna dei tre profilane kan ein trekka fram nokre hovudpunkt:

- Stønad til livsopphold 20-29 år ligg under snittet i alle kommunane
- VGS/høgare utdanning er lågast i Øygarden, det gjeld også fråfall. På fråfall har Fjell betra seg dei siste åra

- Lågaste mestringsnivå i lesing 5.kl varierer frå 28 prosent i Fjell – 46 prosent i Sund – 26 prosent i tidlegare Øygarden. Landssnittet er 24 prosent
- Lågaste mestringsnivå i rekning 5.kl varierer frå 29 prosent i Fjell – 35 prosent i Sund – 17 prosent i tidlegare Øygarden. Landssnittet er 23 prosent. Tidlegare Øygarden vesentleg betre her.
- Med i fritidsorganisasjon (Ungdata): Sund/tidlegare Øygarden ligg +10 prosentpoeng under snittet, Fjell sine tal frå 2015 er litt betre
- Forventa levealder menn: 79,6 år Fjell – 79,6 år Sund – 76,8 år Øygarden. Snitt på 79,1 år.
- Overvekt og fedme 17 år ligger på 24 prosent i Fjell – 30 prosent i Sund – 36 prosent i tidlegare Øygarden. Gjennomsnitt er 23 prosent.
- På helsetilstand er det generelt mykje raude tal
- Alle kommunane er betre enn snittet på del låginntekt, del som bur trengt og god forsyning drikkevatt.

---

#### FOLKEHELSEPROFILAR FOR KOMMUNANE 2019

Folkehelseprofilane vert utarbeida av folkehelseinstituttet årleg, og treng gjerne litt forklaring for å kunna lesast godt. Den raude midtlinja er verdien for landet. Grøn og raud prikk tyder at kommune ligg signifikant betre eller dårlegare an enn landssnittet. Kvit prikk tyder at det ikkje er signifikant forskjell frå landssnittet, eller at det ikkje er testa for signifikans. Dei grå felte representerer variasjonen mellom kommunane i fylket.

Fullstendige folkehelseprofilar er tilgjengeleg frå <https://www.fhi.no/hn/folkehelse/folkehelseprofil/>.

**SUND KOMMUNE**

Tema	Indikator (klikkbare indikatornavn)	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Folkeshelsebarometer for Sund	
Befolking	1 Andel barn, 0-17 år	26	22	21	prosent		
	2 Personar som bur aleine, 45 år +	18,8	24,3	25,4	prosent		
	3 Andel over 80 år, framskriven	4	4,9	4,9	prosent		
Oppvekst og levekår	4 Vgs eller høgare utdanning, 30-39 år	78	83	81	prosent		
	5 Låginntekt (hushald.), 0-17 år (ny def.)	7,6	7,8	9,2	prosent		
	6 Ulikskap i inntekt, P90/P10	2,5	2,7	2,8	-		
	7 Bur trangt, 0-17 år	15	20	19	prosent		
	8 Barn av einslege forsrgjarar	11	13	15	prosent		
	9 Stønad til livsoppald, 20-29 år	15	8,2	8,5	prosent (a,k)		
	10 Trivst på skulen, 10. klasse	81	84	86	prosent (k)		
	11 Blir mobba, Ungd. 2017	7,2	6,9	7,4	prosent (a,k)		
	12 Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. kl.	46	26	24	prosent (k)		
	13 Lågaste meistringsnivå i rekning, 5. kl.	35	23	23	prosent (k)		
	14 Fråfall i vidaregåande skule	27	20	21	prosent (k)		
	15 Trur på eit lykkeleg liv, Ungd. 2017	72	71	73	prosent (a,k)		
	Miljø, skadar og uflykke	16 Nøgd med lokalmiljøet, Ungd. 2017	66	70	70	prosent (a,k)	
		17 Med i fritidsorganisasjon, Ungd. 2017	56	68	66	prosent (a,k)	
		18 Nøgd med treffstadar, Ungd. 2017	35	42	49	prosent (a,k)	
19 Einsemd, Ungd. 2017		20	20	19	prosent (a,k)		
20 God drikkevassforsyning (ny def.)		100	90	91	prosent		
21 Forsyningsgrad, drikkevatt		45	86	88	prosent		
22 Skadar, behandla i sjukehus		12,1	14,1	13,7	per 1000 (a,k)		
Helseleitet lifered	23 Lite fysisk aktive, Ungd. 2017	12	12	14	prosent (a,k)		
	24 Skjermtid over 4 timar, Ungd. 2017	40	29	29	prosent (a,k)		
	25 Røyking, kvinner	5	4,3	6	prosent (a)		
Helsestiltand	26 Forventa levealder, menn	79,6	79,5	79,1	år		
	27 Forventa levealder, kvinner	85,1	83,9	83,3	år		
	28 Utd.forskjell i forventa levealder	-	5,1	5	år		
	29 Nøgd med helsa, Ungd. 2017	70	71	71	prosent (a,k)		
	30 Psykiske sympt./lid., 15-29 år	163	154	159	per 1000 (a,k)		
	31 Muskel og skjelett	332	298	319	per 1000 (a,k)		
	32 Overvekt og fedme, 17 år	30	23	23	prosent (k)		
	33 Hjarte- og karsjukdom	21,7	19,3	17,7	per 1000 (a,k)		
	34 Antibiotikabruk, reseptar	384	354	340	per 1000 (a,k)		

0502191558 0702151513 1725



## Fjell kommune

Tema	Indikator (klikkbare indikatornavn)	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Folkehelsebarometer for Fjell	
Befolning	1 Andel barn, 0-17 år	25	22	21	prosent		
	2 Personar som bur aleine, 45 år +	17,7	24,3	25,4	prosent		
	3 Andel over 80 år, framskriven	3,3	4,9	4,9	prosent		
Oppvekst og levekår	4 Vgs eller høgare utdanning, 30-39 år	80	83	81	prosent		
	5 Låginntekt (hushald.), 0-17 år (ny def.)	6,8	7,8	9,2	prosent		
	6 Ulikskap i inntekt, P90/P10	2,5	2,7	2,8	-		
	7 Bur trangt, 0-17 år	14	20	19	prosent		
	8 Barn av einslege forsørgjarar	15	13	15	prosent		
	9 Stønad til livsopphald, 20-29 år	12	8,2	8,5	prosent (a,k)		
	10 Trivst på skulen, 10. klasse	83	84	86	prosent (k)		
	11 Blir mobba, Ungd. 2018	-	6,9	7,6	prosent (a,k)		
	12 Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. kl.	28	26	24	prosent (k)		
	13 Lågaste meistringsnivå i rekning, 5. kl.	29	23	23	prosent (k)		
	14 Fråfall i vidaregåande skule	21	20	21	prosent (k)		
	15 Trur på eit lykkeleg liv, Ungd. 2018	-	71	72	prosent (a,k)		
	Miljø, skadar og ufyker	16 Nøgd med lokalmiljøet, Ungd. 2018	-	70	70	prosent (a,k)	
		17 Fritidsorganisasjon, Ungd. 2018	-	69	66	prosent (a,k)	
		18 Nøgd med treffstadar, Ungd. 2018	-	42	50	prosent (a,k)	
19 Einsemd, Ungd. 2018		-	21	20	prosent (a,k)		
20 God drikkevassforsyning (ny def.)		100	90	91	prosent		
21 Forsyningsgrad, drikkevavn		94	86	88	prosent		
22 Skadar, behandla i sjukehus		12,6	14,1	13,7	per 1000 (a,k)		
Helseleilet liferd	23 Lite fysisk aktive, Ungd. 2018	-	12	14	prosent (a,k)		
	24 Skjermtid over 4 timar, Ungd. 2018	-	29	31	prosent (a,k)		
	25 Røyking, kvinner	4,3	4,3	6	prosent (a)		
Helsestilstand	26 Forventa levealder, menn	79,6	79,5	79,1	år		
	27 Forventa levealder, kvinner	83,9	83,9	83,3	år		
	28 Utd.forskjell i forventa levealder	4,4	5,1	5	år		
	29 Nøgd med helsa, Ungd. 2018	-	71	71	prosent (a,k)		
	30 Psykiske sympt./lid., 15-29 år	182	154	159	per 1000 (a,k)		
	31 Muskel og skjelett	326	298	319	per 1000 (a,k)		
	32 Overvekt og fedme, 17 år	24	23	23	prosent (k)		
	33 Hjarte- og karsjukdom	19,6	19,3	17,7	per 1000 (a,k)		
	34 Antibiotikabruk, reseptar	398	354	340	per 1000 (a,k)		

0592491558.0702181513.1216

## Øygarden kommune

Tema	Indikator (klikkbare indikatornavn)	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Folkeshelsebarometer for Øygarden	
Beføling	1 Andel barn, 0-17 år	25	22	21	prosent		
	2 Personar som bur aleine, 45 år +	21,4	24,3	25,4	prosent		
	3 Andel over 80 år, framskriven	4,5	4,9	4,9	prosent		
Oppvekst og levekår	4 Vgs eller høgare utdanning, 30-39 år	77	83	81	prosent		
	5 Låginntekt (hushald.), 0-17 år (ny def.)	8,8	7,8	9,2	prosent		
	6 Ullikskap i inntekt, P90/P10	2,6	2,7	2,8	-		
	7 Bur trøgt, 0-17 år	16	20	19	prosent		
	8 Barn av einslege forsørgjarar	13	13	15	prosent		
	9 Stønad til livsopphald, 20-29 år	12	8,2	8,5	prosent (a,k)		
	10 Trivst på skulen, 10. klasse	86	84	86	prosent (k)		
	11 Blir mobba, Ungd. 2017	7	6,9	7,4	prosent (a,k)		
	12 Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. kl.	26	26	24	prosent (k)		
	13 Lågaste meistringsnivå i rekning, 5. kl.	17	23	23	prosent (k)		
	14 Fråfall i vidaregåande skule	26	20	21	prosent (k)		
	15 Trur på eit lykkeleg liv, Ungd. 2017	69	71	73	prosent (a,k)		
	Miljø, skadar og ukykker	16 Nøgd med lokalmiljøet, Ungd. 2017	67	70	70	prosent (a,k)	
		17 Med i fritidsorganisasjon, Ungd. 2017	52	68	66	prosent (a,k)	
18 Nøgd med treffstadar, Ungd. 2017		62	42	49	prosent (a,k)		
19 Einsemd, Ungd. 2017		25	20	19	prosent (a,k)		
20 God drikkevassforsyning (ny def.)		100	90	91	prosent		
21 Forsyningsgrad, drikkevatt		50	86	88	prosent		
Helseerleidd lifered	22 Skadar, behandla i sjukehus	15,2	14,1	13,7	per 1000 (a,k)		
	23 Lite fysisk aktive, Ungd. 2017	16	12	14	prosent (a,k)		
	24 Skjermtid over 4 timar, Ungd. 2017	46	29	29	prosent (a,k)		
Helsestilstand	25 Røyking, kvinner	6,6	4,3	6	prosent (a)		
	26 Forventa levealder, menn	76,8	79,5	79,1	år		
	27 Forventa levealder, kvinner	83,7	83,9	83,3	år		
	28 Utd.forskjell i forventa levealder	-	5,1	5	år		
	29 Nøgd med helse, Ungd. 2017	59	71	71	prosent (a,k)		
	30 Psykiske sympt./lid., 15-29 år	173	154	159	per 1000 (a,k)		
	31 Muskel og skjelett	331	298	319	per 1000 (a,k)		
	32 Overvekt og fedme, 17 år	36	23	23	prosent (k)		
	33 Hjarte- og karsjukdom	20,2	19,3	17,7	per 1000 (a,k)		
	34 Antibiotikabruk, reseptar	355	354	340	per 1000 (a,k)		

**RISIKOINDEKS**
**Tabell 1: Risikoindeks for folkehelse 2019**

Variabel og vekt	Snitt- alder	Grunn- skole	Eine- Fors.	Verk- semder	Låg- inntekt	Risiko- indeks
Kommune	27%	27%	21%	16%	9%	
Fedje	92	93	98	40	45	81
Vaksdal	61	100	68	84	52	76
Høyanger	69	87	92	61	43	75
Lærdal	79	97	82	42	22	73
Tysnes	78	92	52	60	28	69
Bremanger	84	83	41	56	42	67
Odda	80	52	100	40	39	67
Granvin	84	36	81	79	32	65
Austrheim	58	93	50	63	38	65
Radøy	43	85	48	87	39	62
Selje	79	79	29	58	38	61
Flora	31	89	74	57	42	61
Jølster	38	74	65	79	34	60
Kvinnherad	58	55	72	66	33	59
Øygarden	27	86	59	85	28	59
Samnanger	61	66	34	98	20	59
Askvoll	86	54	41	62	30	59
Balestrand	70	66	40	40	66	58
Naustdal	43	52	65	100	24	57
Aurland	73	72	66	2	38	57
Laksevåg	25	62	74	84	45	56
Ulvik	77	42	49	50	54	55
Fjaler	50	62	57	36	75	55
Arna	33	60	57	84	35	54
Vågsøy	59	87	43	19	30	54
Årdal	81	38	57	59	0	54
Masfjorden	70	32	54	72	23	53
Fyllingsdalen	53	39	61	90	10	53
Asane	36	54	67	80	17	53
Osterøy	32	64	49	82	34	52
Vik	87	56	28	25	40	52
Gloppen	58	54	58	39	39	52
Sund	14	77	44	97	33	52
Solund	100	28	40	12	57	50
Lindås	29	59	60	69	26	50
Voss	55	48	58	40	34	50
Kvam	60	51	38	56	30	50
Modalen	43	75	66	0	34	49
Gulen	68	66	28	15	39	48
Gaular	40	46	44	77	32	48
Eidfjord	73	47	49	24	14	48
Jondal	80	41	9	59	37	47
Fusa	56	52	43	35	30	46
Hornindal	64	26	45	58	37	46
Os	8	53	63	88	26	46
Eid	38	56	52	45	27	46
Bømlo	25	54	46	76	26	46
Fjell	2	68	67	70	16	45
Årstad	5	27	79	71	97	45
Sveio	18	48	41	94	38	45
Stryn	42	58	46	23	45	45
Stord	22	52	58	61	29	44
Ullensvang	76	0	63	42	38	44
Luster	52	32	31	67	25	42
Askey	2	44	59	96	14	41
Hyllestad	96	25	0	34	33	41
Etne	44	42	25	55	35	41
Fitjar	27	40	31	78	34	40
Meland	0	36	52	97	22	38
Bergenhus	22	19	71	0	100	35
Førde	8	46	70	0	18	31
Fana	18	22	46	54	14	30
Leikanger	49	12	48	6	2	28
Sogndal	19	18	48	23	40	27
Austevoll	17	29	34	26	13	25
Ytrebygda	9	14	38	55	3	23

Tidlegare Hordaland fylkeskommune har utarbeida risikoindeks for folkehelse for alle kommunane i Vestland fylke. Risikoindeksen tek utgangspunkt i fem variablar; Snittalder i kommunen, prosentdelen innbyggjarar med grunnskule som høgaste fullførte utdanning, prosentdelen eineforsørgarar, talet på verksemder og delen av låginntektshushald. Desse variablane er valt ut fordi dei har ein signifikant påverknad på graden av uføretrygd i kommunen, og er vekta etter kor stor statistisk signifikant påverknad dei har. Jamfør risikoindeksen har Fjell kommune låg til middels risiko (45), Sund kommune middels risiko (52) og (tidlegare) Øygarden kommune middels til høg risiko (59). Både Sund, Fjell og tidlegare Øygarden har høg verdi når det gjeld utdanningsnivå og talet på verksemder i kommunen, men låg verdi på snittalder og låginntekt.

Kjelde: Hordaland fylkeskommune

**KOMMUNE-ROS FOR ØYGARDEN KOMMUNE**

Sund, Fjell og Øygarden fekk i 2018 utarbeida ein felles kommune-ROS, som tek for seg risikoen for at ulike hendingar skal skje. Når det gjeld risikofaktorar som kan påverka liv og helse er ein del av dei viktigaste risikofaktorane knytt til vêrforhold. Sjukdomsutbrot, ulukker, og hacking/datainnbrot vert trekt fram i kommune-ROS for dei tre kommunane som nokre av dei viktigaste risikofaktorane som både har høgast sannsyn for å inntreffa, og som har stor risiko for liv og helse.

Hending	Sannsyn	Risiko liv og helse
H-01 Vind def. som ekstremvær	4	20
H-30 Pandemi/ pandemi	4	20
H-31 Multiresistente bakteriar fører til dødsfall	4	16
H-09 Trafikkulykke med mange skadde	3	15
H-10 Stor industriulykke	3	15
H-07 Transportulykke sjø/ ulykke til sjøs	3	15
H-28 Hacking/ datainnbrot/ virus og cyberkriminalitet	5	15
Stor hending utanfor våre kommunar som rår vår region	3	15
H-12 Storbrann	3	12
H-17 Svikt i IKT og EKOM tenester	4	12
H-33 Smitte i mat fører til alvorleg sjukdom eller dødsfall	4	12
H-25 Angrep på NAV kontor og andre offentlege kontor/ tenester	4	12
H-06 Luftfartsulykke	2	10
H-08 Skips/ riggulykke og anna ulykke ved hamn	2	10
H-04 Ras/ utgliding på land	3	9
H-03 Havstigning, stormflo, brottsjø	3	9
H-11 Lekkasje frå røyreidningar på land/ andre industriulykker	3	9
H-24 Alvorlege truslar mot tilsette, brukarar av kommunale tenester og innbyggjarar i/ ved kommunale bygg	3	9
H-27 Sabotasje	3	9
H-29 Utru tenar	3	9
H-13 Stor utmarksbrann	4	8
H-18 Svikt i straumforsyning meir enn 4 timar	4	8
H-20 Svikt i avlausphandtering	4	8
H-22 Bortfall hovudtransportåre – eit døgn eller meir	2	8
H-02 Ekstrem nedbør/ styrtregn	3	6
H-16 Akutt luftforureining	3	6
H-19 Langvarig bortfall av vassforsyning	3	6
H-32 Legionella	3	6
H-33 Smitte i vatn fører til alvorleg sjuke eller dødsfall	3	6

## A - BEFOLKNINGSSAMANSETNAD

### KVEN ER INNBYGGJARANE VÅRE?

Eit viktig prinsipp i folkehelsearbeidet er å redusera sosiale helseskilnader. For å kunne jobba målretta med dette er det nødvendig med tiltak som treff heile befolkninga. Det er difor viktig for kommunen å vita kven innbyggjarane er, og korleis alder, kjønn, etnisitet, utdanningsnivå og inntekt fordeler seg. Det vil styra korleis kommunen må planlegga og prioritera tenestene ut til befolkninga. Kunnskap om sosioøkonomiske faktorar vil også gi oss eit bilete på sosiale helseskilnader i kommunen. Mellom anna er det ein sterk positiv samanheng mellom både utdannings- og inntektsnivå, og god helse. Kunnskap om folkesamansetnad vil også danna eit grunnlag for å forstå og tolka dei andre opplysningane i oversikta.

#### Hovudtrekk frå dette kapittelet


- Historisk høg vekst i dei tre tidlegare kommunane, fallande vekstrate dei siste åra.
- Aukande prosentdel innvandrarak. Rundt kvar tiande innbyggjar i Øygarden kommune har innvandrarbakgrunn.
- Høg prosentdel barnefamiljar i dei tre kommunane samanlikna med Hordaland, men prosentdelen barnefamiljar er fallande i Øygarden kommune.
- Stadig fleire hushald som består av einpersonfamiljar, men lågare prosentdel enn i Hordaland og landet elles.
- Aukande prosentdel par utan barn.

### UTVIKLING I TALET PÅ INNBYGGJARAR

Ved utgangen av tredje kvartal i 2019 var det i følgje Statistisk sentralbyrå (SSB) til saman 38 247 innbyggjarar i tidlegare Sund, Fjell og Øygarden kommune. Alle dei tre tidlegare kommunane har hatt stor vekst i folketalet heilt sidan Sotrabraua opna i 1971, men vekstraten har variert i løpet av desse åra. Etter ein periode med høg vekst (særskild i Fjell kommune), har vekstraten flata litt meir ut dei siste par åra. Samanlikna med fylket og landet er veksten framleis høg.

Det er fleire forhold som har innverknad på folketalsutviklinga og befolkningsamansettinga i ein kommune. Både bustadattraktivitet og utvikling av arbeidsplassar i privat næringsliv er ein viktig føresetnad for folkevekst. I dei tidlegare tre kommunane har sysselsetting innanfor primær og sekundærnæringane tradisjonelt vore bransjar i vekst. Konjeturnedgangen i petroleumsnæringa fekk likevel konsekvensar innanfor industrinæringa med tap av fleire arbeidsplassar i åra etter 2014.

Gradvis forbetring av vegnett, samt bygging av ny Sotrabru er faktorar som vil kunna bidra til framtidig folkevekst for Øygarden kommune. Framleis utvikling av Straume som regionsenter er også venta å gjera Øygarden kommune til ein attraktiv stad å bu og leva.




Kjelde: SSB

## ALDERSFORDELING

Dei tre tidlegare kommunane har lenge hatt ei ung befolkning, men også her skjer det endringar. Unge under 20 år utgjer ein stadig mindre del av befolkninga i Øygarden kommune, sjølv om ein framleis kan seia å ha ei ung befolkning samanlikna med resten av landet. Dette heng truleg saman med den sterke folkeveksten etter at Sotrabrua vart opna i 1971, der mange i etableringsfasen valde å etablere seg i ein av dei tre kommunane vest for brua. Det at Øygarden kommune deler arbeidsregion med Bergen gjer det framleis attraktivt for barnefamiljar å busetta seg her ute. Det er venta at trenden med ei aldrende befolkning kjem til å fortsetta i framtida. Jamfør framskrivingar frå Hordaland fylkeskommune kan ein venta lite vekst i talet på barn og unge under 30 år dei neste ti åra, samstundes som ein vil sjå ein auke i folketalet over 30 år. Særskild vil auken vera stor i aldersgruppa 75 år +.

### Alders- og kjønnsfordeling Øygarden kommune 2019-2029




Kjelde: statistikk.ivest.no

### FRAMSKRIVING AV FOLKETALET

Veksten i folketalet vert påverka av fødselsoverskot (fødde minus døde), netto innanlandsk innflytting (innflytting minus utflytting), samt nettoinnvandring (innvandring minus utvandring). På landsbasis ser ein at både nettoinnvandring og fødselsraten er fallande, medan folk lever lenger enn tidlegare. Samstundes ser ein ei sentraliseringstrend, der fleire buset seg i eller nær større byar og tettstader. Ein kan sjå ein tendens til at det er dei store kommunane som opplever vekst, medan små kommunar ofte opplever at folketalet minkar. Slike trender vil også kunne påverka utviklinga i folketalet i Øygarden kommune.


Ei framskriving av folketalet er eit estimat på korleis ein trur framtida vil sjå ut, mellom anna basert på korleis befolkninga har endra seg dei siste åra. Framskrivningane er difor «ferskvare» og bør følgjast med på årleg. Det finst også ulike modellar for framskriving av folketalet, og ulike alternativ innanfor kvar modell. I følgje framskrivinga til Hordaland fylkeskommune (PANDA analyse, hovudalternativet) kan me venta at det i 2045 vil bu i underkant av 50 000 innbyggjarar i Øygarden kommune, ein auke på nær 30 prosent frå dagens innbyggjartal. Veksten er venta å vera størst i dei eldste aldersgruppene.



Kjelde: Statistikk.ivist.no/PANDA analyse, hovudalternativet

Høgare levealder som følgje av betre levkår og helse, gjer at den eldste delen av befolkninga er venta å utgjera ein stadig større del av befolkninga. Fleire framskrivingsalternativ viser at ein kan venta ei tredobling i innbyggjartalet i Øygarden kommune i aldersgruppa 80 år og eldre fram mot 2040, og at allereie ti år fram i tid kan talet på innbyggjarar i denne aldersgruppa ha dobla seg (SSB og Hordaland fylkeskommune, låg- middels- og høgvekstalternativ).






Kjelde: SSB og statistikk.ivist.no

## FØDSELSTAL OG FOLKEVEKST

I 2018 vart det fødd til saman 458 barn i Sund, Fjell og tidlegare Øygarden kommune. Fødselstala har variert dei siste ti åra, frå 439 til 489. Dei siste tre åra har ein sett ein reduksjon i tal fødde, på same måte som i fylket og landet.

Dersom ein ser på folkeveksten for kvar av dei tre tidlegare kommunane som no utgjer Øygarden kommune kan ein sjå at fødselsoverskotet (fødde minus døydde) har heldt seg relativt stabilt i perioden mellom 2000 – 2018. I same periode kan ein sjå ein jamn auke i netto innvandring fram mot 2012, men etter dette går netto innvandring gradvis nedover. Netto innanlandsflytting varierer ein del gjennom heile perioden, men har lagt særleg lågt dei siste tre åra, og var negativ i 2016. Fødselsoverskotet blir påverka både av fødselsratar og levealder. Både nasjonalt og lokalt kan ein sjå at folk lever stadig lengre. Samstundes vert det fødd færre barn per kvinne enn tidlegare. I figuren under kan ein sjå at fødselsoverskotet ikkje auka i takt med folkeveksten i kommunen. Dette er nasjonale trendar som ikkje berre Øygarden kommune opplever.


Ein reduksjon i nettoinnvandring føl også nasjonale trendar. Ifølgje SSB er det på nasjonalt nivå særleg netto arbeidsinnvandring som går nedover. Det er framleis mange som innvandrar til Noreg frå land som til dømes Polen, men samstundes er det også mange som returnerer til heimlandet sitt.



Kjelde: Omarbeiding av tal henta frå statistikk.i.vest


## UTANLANDSKE STATSBORGARAR ETTER NASJONALITET

Talet på utanlandske statsborgarar frå Aust-Europa har auka mykje dei siste ti åra. I 2019 var det registrert 3 834 innvandrarar til saman i tidlegare Sund, Fjell og Øygarden kommune. Dersom ein ser på korleis desse fordeler seg etter innvandringsgrunn ser ein at dei fleste er komen som arbeidsinnvandrarar (33 prosent) eller som familiesameinte/familieetablerte (29 prosent). Flyktingar og deira familiesameinte utgjer i underkant av ein fjerdedel av alle som var registrert som innvandrarar i 2019.




Kjelde: Statistikk.ivist.no

Innvandrarar er her definert som førstegenerasjons innvandrar utan norsk bakgrunn. Som vist i figuren over kjem det flest innvandrarar frå Europa utanom Tyrkia, etterfølgt av Asia (med Tyrkia). I figuren under kan ein sjå kjønsskilnader i kor innvandrarane kjem frå. Medan det er ei overvekt av menn frå Europa utanom Tyrkia, kan ein sjå at det er fleire kvinner enn menn som kjem frå Asia med Tyrkia.



Kjelde: Statistikk.ivist.no

Ser ein nærare på kva for landbakgrunn utanlandske statsborgarar som er busett i Øygarden har, er det to land som skil seg særskild ut. Heile 804 innbyggjarar i Øygarden kommune er polske statsborgarar, og 462 kjem frå Litauen.



Kjelde: Statistikk.ivist.no


Som ein konsekvens av auka innvandring melder tenestene i Øygarden kommune om ein del utfordringar knytt til språk. Nokre innvandrarak lærer språket både raskt og godt, medan andre kan til dømes vera analfabetar når dei kjem til Noreg og ha låge føresetnader for å tileigna seg norsk språk. Språkutfordringar kan gjera det vanskeleg å delta i fritidstilbod, og kan føra til utanforskap. Skular, barnehagar og helsestasjonen arbeider for å avdekka språkutfordringar. Erfaringa i tenestene tilseier at budsjettet for tolketenester er stramt, og at det ikkje skal mange konsultasjonar til før ein har gått over budsjettet.

Når det gjeld helsetilstanden til innvandrarak er det ei så samansett og variert gruppe, at det er vanskeleg å seie noko generelt. Folkehelseinstituttet seier likevel at det er nokre fellestrekk å finna blant innvandrarak. Statistisk brukar dei betydeleg mindre alkohol enn norskfødde, og førekomsten av røyking blant innvandrarkvinner er nesten lik null. Nokre innvandrargrupper brukar tradisjonelt mykje frukt og grønnsaker i kosthaldet, og dette reduserer risikoen for fleire kroniske sjukdommar. Samstundes er det rapportert om høgare førekomst av kroniske sjukdommar og lidingar blant ulike innvandrargrupper enn blant nordmenn.

---

#### FAMILIETYPAR

I Øygarden kommune er det ein større prosentdel familiar som består av familiar med par som har barn enn i Hordaland elles. Dette er særleg tydeleg når det gjeld par med små og store barn. Ein kan likevel sjå den same trenden i Øygarden som i landet elles, der fleire hushald består av ein person, samstundes med ein aukande prosentdel par utan barn.




Kjelde: Statistikk.ivist.no

I 2006 bestod til saman 28 prosent av familiene i tidlegare Sund, Fjell og Øygarden av ein person, medan i 2018 hadde prosentdelen auka til 34. Dette er likevel langt lågare enn i Hordaland, der heile 44 prosent av familiene bestod av ein person i 2018.

Prosentdelen familiar med einslege forsyttarar er fallande, men dette kan også ha samanheng med at prosentdelen familiar med barn generelt er fallande. For dei tre kommunane samla kan ein sjå ein klar tendens til at prosentdelen einperson-familiar er aukande.

I følge Folkehelseinstituttet er det ein høgare prosentdel åleinebuarar som slit med psykiske plager samanlikna med dei som ikkje bur åleine. På gruppenivå har åleinebuarar høgare uføregrad samanlikna med dei som bur saman med nokon. Åleinebuarar har også statistisk høgare dødelegheit.




Kjelde: Statistikk.igest.no

Når det gjeld familiar utan barn er det små skilnader mellom dei tre tidlegare kommunane. Det er noko færre einperson-familiar og par utan barn i Fjell kommune enn i dei to andre kommunane

Endringar i familietypar har si årsak i fleire forhold, og er ikkje unik for Øygarden kommune. Ein auke i gjennomsnittleg levealder, endring i livsstil, samt reduksjon i fertilitet er faktorar som naturleg vil påverka samansettinga av familietypar.

## SIVIL STATUS


Prosentdelen skilsmisser har auka frå 5,1 prosent i 2001 til 6,4 prosent i 2019. Det har vorte færre som giftar seg, og prosentdelen ugifte har auka. Statistikken seier ikkje noko om sambuarar. Det er liten skilnad mellom dei tre tidlegare kommunane når det gjeld sivil status. Samla sett er prosentdelen skilde noko lågare i Øygarden kommune (6,4 prosent i 2019) enn i Hordaland fylke (6,9 prosent).



Kjelde: Statistikk.ivist.no

## BARN AV EINSLEGE FORSØRGJARAR


Tal frå dei siste ti åra viser at prosentdelen familiar med barn av einslege forsørgjarar har vorte redusert i familiar med yngste barn 0-17 år i alle dei tre kommunane. Prosentdelen familiar med einslege forsørgjarar er høgare i Øygarden kommune enn i Hordaland. Samstundes kunne me sjå i folkehelseprofilane frå FHI i innleiinga til dette dokumentet, at talet på barn av einslege forsørgjarar var lågare eller lik i Sund og tidlegare Øygarden samanlikna med fylket og landet elles. Ei mogleg forklaring på dette kan vera at talet på barn per familie med einslege forsørgjarar kan vera lågare i (nye) Øygarden samanlikna med fylket og landet elles.



## UTDANNINGSNIVÅ

Det er godt dokumenterte samanhengar mellom utdanningsnivå, levekår og helse. Sjølv om dei fleste gruppene i samfunnet har fått auka levestandard og betre helse gjennom dei siste 30 åra, er denne effekten klart størst hos gruppa med lang utdanning og god inntekt. Helsegevinsten har med andre ord ikkje auka like mykje for gruppa med låg utdanning og inntekt. Dette bidreg også til auka forskjellar i helse, der dei med god utdanning dreg frå.

Folkehelseinstituttet viser til at utdanningsnivå mellom anna heng saman med risikofaktorar for fleire sjukdomar og livsstilsfaktorar, som hjarte- og karsjukdomar, røyking, overvekt, høgt blodtrykk og kolesterol. Desse forskjellane kan ein sjå uavhengig av alder. Det er også samheng mellom utdanningsnivå og psykisk helse, der dei med lågare utdanning statistisk har fleire psykiske problem. Utdanningsnivået i Øygarden kommune ligg lågare enn fylket og i landet elles. I tidlegare Hordaland fylke var det nær 26 prosent av innbyggjarane som hadde grunnskule som høgaste fullførte utdanning i 2018. Til samanlikning var denne prosentdelen nær 36 prosent i tidlegare Øygarden, og nær 28 prosent i Fjell.



Kjelde: SSB


Det er likevel viktig å understreka at det har vore ei positiv utvikling. Ser ein på utviklinga i tidlegare Sund, Fjell og Øygarden dei siste 20 åra er trenden at stadig fleire tar utdanning på universitets- og høgskulenivå, medan ein mindre del har grunnskule som høgaste fullførte utdanning samanlikna med for 20 år sidan.

Samfunnet sine forventningar til utdanning har endra seg mykje, det same har kompetansekravet i arbeidslivet. NAV Fjell fortel at dei jobbane som tidlegare var tilgjengeleg for dei som ikkje hadde utdanning i stor grad er erstatta av høgteknologi, digitalisering og automatisering/robotisering, og at det no er høgare utdanning eller fagbrev som gjeld. Det er venta ein auke i verksemder som etablerer seg i Øygarden kommune framover, men NAV reknar med at dette i hovudsak vil vera arbeidsplassar



som krev fagutdanning eller høgare utdanning. NAV melder også om at dei ser ein klar samanheng mellom utdanningsnivå, og at dess lågare utdanning, dess høgare er arbeidsløysa.


I aldersgruppa 30-39 år har dei fleste avslutta utdanninga si for relativt kort tid sidan, og sjølv om utdanningsnivået er lågare enn landet også i denne aldersgruppa, ser ein her eit litt anna bilete enn i figuren over. Samanlikna med resten av landet er det mindre skilnad i prosentdelen som har grunnskule som høgaste fullførte utdanningsnivå. Samanlikna med figuren over er det også ein betydeleg større prosentdel som har høgare utdanning, sjølv om det framleis er langt frå nivået i Hordaland og landet elles. Til gjengjeld er det ein stor prosentdel som har vidaregåande skule som høgaste fullførte utdanning, særskild i tidlegare Sund og Øygarden. Dette kjem truleg av arbeidsmarknadssituasjonen i kommunen, der det er mange arbeidsplassar med krav om fagbrev.



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank (FHI 2019)

Når det gjeld utdanningsnivå blant innvandrarar følgjer fordelinga mellom dei tre kommunane det same mønsteret både blant delen av befolkninga med innvandrarbakgrunn og den norskfødde delen av befolkninga. Når det gjeld utdanningsnivået er det ein markert større prosentdel innvandrarar i dei tre kommunane med høgare utdanning enn blant befolkninga unntatt innvandrarar. Det er også

ein noko større prosentdel innvandrarak med grunnskule og inga eller uoppgitt utdanning.



Kjelde: Imdi

## FORVENTA LEVEALDER ETTER HØGASTE FULLFØRTE UTDANNING


Forventa levealder kan gi informasjon om helsetilstanden i befolkninga. Indikatoren kan mellom anna gi informasjon om skilnader mellom ulike befolkningsgrupper, og kan seie noko om sosiale helseskilnader. På kommunenivå må ein ta omsyn til tydinga av tilfeldige svingingar (Folkehelseinstituttet).

I figuren under kan ein sjå at forventa levealder aukar med fullført utdanningsnivå. Forventa levealder for Sund og Øygarden er anonymisert på universitets- og høgskulenivå på grunn av for lite datagrunnlag.

Forventa levealder er høgare for Fjell enn for landet og fylket for alle utdanningsnivå. Når det gjeld grunnskule og vidaregåande er forventa levealder høgare enn landet og fylket også for Sund, medan tidlegare Øygarden har lik eller noko lågare forventa levealder enn landet for høvesvis grunnskule og vidaregåande skule som høgaste fullførte utdanningsnivå.

Forsking viser ein klar samanheng mellom utdanningsnivå og forventa levealder. Til trass for at utdanningsnivået i (nye) Øygarden er lågare enn for landet elles, er forventa levealder høgare. Dette kan tyda på at det er andre faktorar enn utdanning som verkar positivt på helsa til befolkninga i

kommunen. Til dømes vil eit høgt inntektsnivå vera ein positiv påverknadsfaktor. Det kan også tenkast at lite ulikheit i samfunnet er noko som verkar positivt på helsa til befolkninga.



Kjelde: Kommnehelsa statistikkbank (FHI 2019)

## B - OPPVEKST OG LEVEKÅRSFORHOLD

Oppvekst- og levekår handlar mellom anna om økonomiske vilkår, utdanningsnivå, bu- og arbeidstilhøve. Oppvekstmiljø og levekår har mykje å seia for folkehelsa og sosiale ulikskapar i helse. Dei som har lang utdanning og god økonomi lever i snitt lengre, og har færre helseproblem enn dei med kortare utdanning og dårlegare økonomi. Gode vilkår for barn og unge i barnehage og skule, tilrettelegging for vaksne ved inkluderande arbeidsliv og ei sikker inntekt er viktige beskyttande faktorar for helse. Levekår kan sjåast på som tilgjenge på ressursar og vil i stor grad påverka fordeling av helse i befolkninga.

### Hovudtrekk frå dette kapittelet

- Låg barnehagedekning i Fjell kommune, særskild blant minoritetsspråklege barn
- Lågt meistringsnivå på lesing og rekning i skulen, særskild i Sund
- Ein høgare prosentdel elevar får skuleskyss enn i landet elles
- Stor vekst i tal arbeidsplassar og verdiskaping fram til 2015, nedgang etter 2015
- Næringslivet er sårbart for konjunktursvingingar og endringar i oljenæringane
- Næringslivet er relativt optimistiske med omsyn til framtidsutsiktene
- Høgare arbeidsløyse i Sund, Fjell og Øygarden samanlikna med nye Vestland fylke
- Lågare sysselsettingsgrad blant innvandrarar
- Relativt høgt sjukefråvær
- Større andel unge mottakarar av uførestønad enn i landet
- Større andel sosialhjelpsmottakarar enn i landet
- Mindre økonomisk ulikskap enn i landet

### KORLEIS ER DET Å VEKSE OPP I KOMMUNEN?

#### BARNEHAGE, SKULE, BARNEVERN

Ei heilskapleg og langsiktig satsing for å forbetra folkehelsa må starta tidleg, og ha fokus på barn, unge, familiar og foreldre. Gjennom ein god oppvekst med tilgang til trygge omsorgspersonar,


helsefremjande barnehagar og skular får barna utvikla og utnytta deira meistringsressursar, og leva aktive og deltakande liv. Ein god barndom gjev trygge born, som både er viktig for det enkelte individ og deira nære omgjevningar, men også ein føresetnad for ei god samfunnsutvikling.

## BARNEHAGE

Barnehagar spelar ei viktig rolle i utdanningsløpet i Noreg. Studiar har vist at barn som har gått i barnehage i Noreg, i større grad tek utdanning som vaksen, er oftare sysselsett, og er i mindre grad avhengig av sosialtenester. Vidare ser ein at dei positive effektane av å gå i barnehage er størst for dei barna som kjem frå ressursfattige heimar. Dermed er barnehagar også eit av dei viktigaste sosialt utjamnande tiltaka. Ein viktig føresetnad for å optimalisera denne effekten er at høgkvalitetsbarnehagar må vera tilgjengelege og uavhengige av foreldre sin økonomi og utdanning.

### BARNEHAGEDEKNING – KOR MANGE AV BARNA GÅR I BARNEHAGE?

Figuren under syner barnehagedekning i dei tre kommunane, samt landet og fylket. Tidlegare Øygarden kommune skil seg ut med høgast prosentdel barn i alderen 1-5 år som går i barnehage (nær 95 prosent). Fjell ligg vesentleg lågare på barnehagedekning, og har også ei utvikling over tid der ein fallande prosentdel barn går i barnehage. Sund ligg omlag på fylkes- og landssnitt.




Kjelde: SSB, tabell 12652

### BARNEHAGEDEKNING – KOR STOR PROSENTDEL MINORITETSSPRÅKLEGE BARN GÅR I BARNEHAGEN?

Figuren under syner kor stor prosentdel minoritetsspråklege barn som går i barnehage i forhold til innvandrarbarn 1-5 år (prosent). Tidlegare Øygarden kommune har høgast dekning blant minoritetsspråklege barn, der over 95 prosent av alle innvandrarbarn i alderen 1-5 år går i

barnehage. Fjell kommune ligg vesentleg lågare, med i underkant av 58 prosent barnehagedekning blant minoritetsspråklege barn.




Kjelde: SSB, tabell 12652

Gjennom barnefattigdomsprosjektet har Fjell gjort ei kartlegging av moglege årsaker til at så få av dei minoritetsspråklege borna har plass i barnehage. Når det gjeld arbeidsinnvandrarar er det mange austeuropearar som pendlar mykje mellom kommunen og heimlandet sitt. Mange av desse vel difor å ikkje ha borna sine i barnehage i Fjell, men nokre av desse familiane vel å heller nytta tilbodet i open barnehage. Det vert også peika på utfordringa med at familiar som ikkje har bil ikkje får barnehageplass der dei ønskjer, og at transport med buss kan vera utfordrande.

#### BARNEHAGEDEKNING – KOR STOR PROSENTDEL MINORITETSSPRÅKLEGE BARN I PROSENT AV ALLE BARN?

På landsbasis er i overkant av 18 prosent av alle barnehagebarn i 2018 minoritetsspråklege. På fylkesnivå er prosentdelen på over 14 prosent. Tidlegare Øygarden og Sund ligg tett opptil nivået på fylket, medan i Fjell er det ein markant mindre prosentdel minoritetsspråklege barn i barnehagen. Samanlikna med landet elles er ein mindre del av befolkninga innvandrarar i Øygarden kommune. Prosentdelen innvandrarar er omtrent lik i Sund, Fjell og tidlegare Øygarden.



Kjelde: SSB 12272

## OPNE BARNEHAGAR

Opne barnehagar skil seg frå ordinære barnehagar ved at barna oppheld seg i barnehagen saman med ein omsorgsperson. Tilbodet er gratis, ope for alle, og dei som deltek kan nytta seg av tilbodet i dei tider som passar innanfor opningstidene.

Opne barnehagar er ein viktig helsefremjande arena som både fungerer som sosial møteplass for barnefamiliar, men også ein læringsarena for blant anna lek, sosial læring og språkutvikling. I Øygarden kommune er det tre opne barnehagar, plassert på Fjell, Landro og Straume, som KFUK/KFUM driftar. Gjennom tidlegare samtalar med tilsette i open barnehage på Straume vert det opplyst at mange minoritetsspråklege familiar nyttar seg av tilbodet, og at barnehagen difor har hatt eit fokus på språk. Opne barnehagar er slik sett både eit viktig folkehelseiltak som rommar alle, men også eit tiltak som er særleg nyttig for sårbare grupper.


## SKULE

Skule er ein viktig arena for læring, trivsel, sosiale relasjonar og vennskap, samt utvikling av sjølvkjensle og sjølvtrillit. Dette er viktig føresetnadar for motivasjon, oppleving av meistring og trua på sine egne evner til å fullføra eige utdanningsløp. Som tidlegare nemnt er det sterke samanhengar mellom utdanning og seinare helse. Eit manglande eller lågt utdanningsnivå medfører risiko for både fysisk og psykisk sjukdom, og kortare levealder. Dette gjer det særleg viktig å skapa gode skulemiljø der barn og unge får moglegheit til å delta uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn.

Fråfall i skule er også ein særleg viktig faktorar å halda oversyn ved i folkehelsearbeidet. Det å fullføra vidaregåande skule betyr mykje for framtidig sysselsetting og god helse. Kommunen må syta for å utvikla gode skulearenar for borna, med vekt på trivsel, tilrettelegging og meistring.

## LÅGASTE MEISTRINGSNIVÅ I LESING, 5. KL. (LESEFERDIGHEIT)


I følge Folkehelseinstituttet er lese- og skrivevanskar knytt til både fysiske og psykiske helseplager. Ved å gi tilstrekkeleg støtte og hjelp i lesing og skriving kan ein førebyggja helseplager som følgje av lærevanskar.



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank (FHI 2019)

I Sund kommune var det nesten dobbelt så mange som skåra lågt på leseferdigheiter på femte trinn enn i landet elles ved siste tilgjengelege måling (2015/16-2017/18). Nær halvparten av elevane på femte trinn i Sund kommune var på lågaste ferdigheitsnivå i snitt desse tre skuleåra. I motsetnad til landet elles har prosentdelen elevar i Sund på lågaste nivå auka mykje dei siste 10-12 åra. Både Fjell og tidlegare Øygarden har også ein høgare prosentdel elevar på lågaste nivå samanlikna med landet. På åttande trinn er det ein betydeleg mindre prosentdel elevar på lågaste nivå for alle områda. Sund har framleis ein høgare prosentdel på lågaste nivå samanlikna med dei andre områda. Fjell og tidlegare Øygarden er så vidt over fylkessnittet, og litt over snittet for landet.






Kjelde: Kommnehelsa statistikkbank (FHI 2019)

#### LÅGASTE MEISTRINGSNIVÅ I REKNING, 5. KL. (REKNEFERDIGHEIT)


Også når det gjeld rekneferdigheiter på femte trinn har Sund ein høg prosentdel elevar på lågaste meistringsnivå samanlikna med fylket og landet. Fjell ligg også litt høgt her, medan i tidlegare Øygarden er prosentdelen elevar på lågaste nivå lågt samanlikna med dei andre områda. På åttande trinn er det jamnare, men Sund skil seg framleis ut med høgare prosentdel elevar på lågaste nivå.



Kjelde: Kommnehelsa statistikkbank

## GRUNNSKULEPOENG

Til tross for at Sund har ein stor prosentdel elevar med lågaste meistringsnivå både i lesing og rekning, er Sund jamt over på nivå med landet og fylket når det gjeld grunnskulepoeng. Skuleåret 2017/2018 hadde elevane i Sund i snitt over to grunnskulepoeng meir enn landssnittet.




Kjelde: Skoleporten.no

Også tidlegare Øygarden hadde noko høgare snitt enn landet dette skuleåret, medan Fjell låg marginalt over landssnittet.

## TRIVSEL PÅ SKULEN

Auka trivsel er eit sentralt mål for folkehelsearbeidet. Skulen er ein svært viktig sosial arena for barn og unge. Trivsel på skulen påverkar elevane sin motivasjon for å læra, og deira evner til å meistra utfordringar. På lengre sikt kan trivsel ha betydning for fråfall i vidaregåande skule. God trivsel verkar positivt inn på både fysisk og psykisk helse (Folkehelseinstituttet).

Når det gjeld elevane sin trivsel på 10. trinn er kommunane på nivå med landet ved siste elevundersøking (2018/2019). Unntaket er tidlegare Øygarden, der elevane rapporterer om høgare trivsel.




Kjelde: Skoleporten.no/Elevundersøkelsen

## SKULESKYSS

Tabellen under syner kor mange barn som får skuleskyss i grunnskulen (1.-10. klasse). Dei tre tidlegare kommunane Sund, Fjell og Øygarden har ein større prosentdel barn som får skuleskyss enn tidlegare Hordaland fylke og landet elles. I Sund får meir enn halvparten av elevane skuleskyss. Både for landet, fylket og dei tre tidlegare kommunane er det ein del variasjonar frå år til år. Dette kan eksempelvis dreia seg om at nokre skuleveggar vert definert som særleg farlege eller vanskeleg, til tross for at avstanden er under det som er krav for å få skuleskyss (2 km for 1. klasse og 4 km for 2.-10. klasse).

Skuleskyss som indikator er viktig å følgja med på i eit folkehelseperspektiv, og må sjåast i samanheng med oversikta over gang- og sykkelveggar i kommunen, og kor mange elevar som har krav på skuleskyss elles. I eit folkehelseperspektiv er det eit klart ønske at flest mogleg elevar skal ha moglegheit til å gå eller sykla på trygg skuleveg, og at det vert tilrettelagt for dette i arealplanlegging og anna kommuneplanlegging.




Kjelde: KOSTRA (SSB)

## SKULEFRITIDSORDNING


Skulefritidsordning (SFO) er ein viktig inkluderingsarena for alle born, der ein kan få delta i lek og sosialt fellesskap på ein uformell arena. For å dekkja utgifter knytt til å drifta SFO kan kommunane krevja foreldrebetaling. For nokre foreldre kan denne kostnaden vera ei direkte årsak til at deira barn ikkje kan delta på SFO.

Av figuren under kan ein sjå at det er nokre variasjonar i prosentdelen barn som deltek i SFO mellom dei tre tidlegare kommunane. Dette kan truleg henga saman med ulike tilbod, og ulik kostnad.



Kjelde: KOSTRA

## FRÅFALL I VIDAREGÅANDE SKOLE




Kjelde: Kommnehelsa statistikkbank (FHI 2019)

Det er ein klar samanheng mellom utdanningsnivået til foreldra og fråfall i vidaregåande skule. Dess høgare utdanning foreldra har, dess høgare sannsyn er det for at borna gjennomfører vidaregåande skule. Det er også skilnad mellom kjønna – gutar fell oftare ut av vidaregåande skule enn jenter. Dei siste åra har fråfallsprosenten gått ned både nasjonalt, og i Fjell og tidlegare Øygarden. I Sund har det vore lite endring i fråfallsprosenten. Fråværsgransa som vart innført i 2016 kan truleg forklara noko av nedgangen. I følgje Folkehelseinstituttet tyder mykje på at psykiske problem er den viktigaste årsaka til at ungdom fell ut av skulen.


Tenestene melder om at det har vore gjort ein målretta og tverrfagleg innsats for å redusera fråfallsprosenten. Dette har hatt ein effekt, men det ser no ut som om det er behov for andre tilnærmingar i tillegg til det arbeidet som allereie vert gjort for å klara å redusera fråfallet ytterlegare.

## BARNEVERN

Hovudoppgåva til barnevernet er å sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, samt å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Barnevernet gir hjelp til barn og unge inntil fylte 23 år, men etter fylte 18 år vert hjelpa gitt som frivillige tiltak. Oppgåver og ansvarsområde for barnevernet er regulert i lov om barneverntenester.



I Fjell har det vore ein stor auke i talet på barn med barnevernstiltak per 1000 barn. I følgje barnevernstenesta i Fjell handlar det til dels om at ei styrking av barnevernet har ført til betre moglegheiter til å oppdaga barn som har behov for hjelp. I tidlegare Øygarden har talet på barn med barnevernstiltak vore høg samanlikna med dei andre kommunane og landet elles, men har gått ned sidan 2014.



#### KORLEIS ER DET Å ARBEIDE HER?

Næringslivet i kommunen er av stor betydning for samfunnsutviklinga og for folkehelsa i kommunen. Først og fremst vil næringslivet direkte påverka verdiskapinga og sysselsetting i lokalsamfunnet.

Dersom Øygarden kommune skal vera ein god plass å leva og bu er det viktig med eit stabilt og verdiskapande arbeidsmarknad.

Gruppa av personar som er arbeidsledige eller som mottar uføreytingar er ei utsett gruppe, både økonomisk, sosialt og helsemessig. Personar som står utanfor arbeidslivet har oftare dårleg psykisk helse og mindre sunne levevanar enn personar som er i arbeid. Kor mange som mottak uføreytingar er ein indikator på helsetilstanden i kommunen. Dette må også sjåast i samanheng med næringsliv, utdanningsnivå og jobbtilbodet i kommunen (Folkehelseinstituttet).

---

#### STERK VEKST I TAL ARBEIDSPlassAR OG HØG VERDISKAPING FRAM TIL 2015

Dei fleste kommunar, inklusive Øygarden, har ambisjon om å veksa. Telemarksforsking (25/2017) har gjennomført ein analyse av næringsutviklinga i Fjell frå 2000 og fram til 2015. Delar av analysane omfattar også statistikk for Sund og tidlegare Øygarden kommune. Undersøkinga viste at den relative veksten i tal arbeidsplassar i perioden 2000 til 2015 var nær 65 prosentpoeng høgare enn snittet for Noreg. I tidlegare Øygarden kommune auka tal arbeidsplassar med ca. 17 prosentpoeng meir enn landssnittet, medan Sund hadde ein relativ nedgang på vel 3 prosentpoeng i løpet av den same perioden.


Veksten var særleg høg i privat sektor i denne perioden. Særskild gjaldt dette i Fjell, der talet på arbeidsplassar auka 84 prosentpoeng meir enn landssnittet. Berre to kommunar i landet hadde sterkare vekst i privat sektor enn Fjell. Også tidlegare Øygarden kommune opplevde høg vekst i privat sektor (16 prosentpoeng høgare enn landssnittet), medan Sund hadde ei utvikling i privat sektor tilsvarande landssnittet, der talet på arbeidsplassar auka med 11,3 prosent.

Frå 2015 til 2018 har det vore ein svak nedgang i tal arbeidsplassar i nye Øygarden kommune (1 prosent). Dette skuldast hovudsakleg konjunkturedgang i oljenæringa og relatert industri. Nedgangen finn ein i hovudsak i privat sektor og offentleg føretak fram til 2017, og skuldast etter all sannsyn konjunkturedgang i olje. Etter 2017 ser det ut til at arbeidsmarknaden sakte tek seg opp att. Kommunal sektor har i perioden 2015 til 2018 hatt ein prosentvis auke på nær 13 prosent i tal arbeidsplassar.

---

#### ARBEIDSPlassAR ETTER SEKTOR

### Arbeidsplassar etter sektor, Øygarden kommune (2018)



Kjelde: Statistikk i vest


I 2018 var det totalt 14 677 arbeidsplassar i Øygarden kommune. 71 prosent (meir enn 10 000) av arbeidsplassane ligg under privat sektor og offentleg føretak. Kommunal forvaltning utgjer om lag 24 prosent av arbeidsplassar, medan statleg forvaltning og fylkeskommunal forvaltning utgjer høvesvis fire og ein prosent.

---

#### NÆRINGSSTRUKTUR

Figuren under gjer eit bilete på variasjonar i næringslivet for dei tre kommunane, samt nye Vestland fylke. Fylkeskommunen skriv i sin rapport Vestland at desse variasjonane heng saman med sentralitet. Kort fortalt er det tenesteyting som utgjer den viktigaste næringsgruppa i dei meir sentrale strøk, medan jordbruk, fiskeri og industri utgjer ei viktig næring i distrikta.






Kjelde: Statistikk i vest

Av figuren ser ein at det er noko forskjell mellom dei tre kommunane. I Fjell står sekundærnæringa (m.a. industri) for ein vesentleg høgare del av sysselsettinga samanlikna med Sund og Øygarden. Samstundes har også Fjell høgare sysselsetting innanfor varehandel samanlikna med Sund og Øygarden. Dette heng naturleg nok saman med at Straume er eit regionsenter med Sartor senter som viktig handelsstad.

#### SYSSELSETTE INNVANDRARAR

I befolkninga generelt er sysselsettingsgraden høgare blant menn enn blant kvinner. Skilnaden mellom kjønnene er større blant innvandrarakar enn i befolkninga elles. Innvandrarakar frå land i gruppe 2 har ein lågare sysselsettingsgrad enn innvandrarakar frå land i gruppe 1. Dette heng saman med at ein større prosentdel frå gruppe 1 kjem som arbeidsinnvandrarakar og har gjerne allereie jobb når dei kjem, medan det er ein større prosentdel flyktningar i gruppe 2. Flyktningar er som regel to år i introduksjonsprogrammet før dei startar i jobb, og dette kan forklara noko av skilnaden i sysselsettingsgraden.



Kjelde: statistikk i vest

## PENDLING


ARBEIDSTAD, 2018							
	Bergen	Askøy	Sund	Fjell	(Tidl.) Øygarden	Andre områder	
<b>BUSTAD, 2018</b>	Bergen	127406	1655	140	2651	173	9000
	Askøy	6735	6027	30	581	25	877
	Sund	860	51	1320	801	34	257
	Fjell	5211	224	278	5910	288	897
	(Tidl.) Øygarden	556	31	24	424	1021	171
	Andre områder	10396	149	19	414	35	

Kjelde: Statistikk i vest (2018)

Tabellen over viser pendling mellom arbeidskommune og bustadkommune. I 2018 var det i overkant av 6 900 personar busett i tidlegare Fjell, Sund som pendla til Bergen og Askøy, og over 1 300 til andre delar av landet. Når ein i tillegg veit at mange av desse vel bil framfor kollektivtilbod, gir dette eit trafikkbilete ein er godt kjent med i vår region – med kø inn mot Sotra-brua. Pendlinga utover mot dei tidlegare kommunane vest for Sotrabrua var vesentleg mindre, med til saman 3 600 personar frå Bergen og Askøy. I tillegg pendla nær 500 personar til Øygarden frå andre delar av landet.

Legge ein saman tala i den markerte ruta i tabellen over, ser ein at 10 100 personar både bur og jobbar i Øygarden kommune. Dette betyr at 48 prosent av all pendlinga skjer internt i Øygarden kommune. I tillegg ser ein at for både tidlegare Sund, Fjell og Øygarden er det eigen (tidlegare) kommune som utgjer den største arbeidsmarknaden. I underkant av 8 300 personar bur i Øygarden, men jobbar utanfor kommunen. Samstundes er det i overkant av 4 000 personar som jobbar i Øygarden men bur ein annan stad. Samla netto utpendling for det som no er Øygarden kommune var på 4 190 personar i 2018.

Verken tidlegare Fjell, Sund eller Øygarden er innpendlingskommunar. Det vil seie at det er høgare utpendling enn innpendling i alle dei tre tidlegare kommunar. Alle tre kommunar har høg utpendling til Bergen, men det er også høg netto utpendling frå tidlegare Øygarden og Sund inn til Fjell. I perioden 2000 – 2018 har utpendlinga lagt relativt stabilt, men ein kan sjå ei auke i utpendling frå 2015 og utover. Dette heng truleg saman med reduksjon i arbeidsplassar innanfor lokal industri, og at mange av dei som har mista arbeid kan ha funnet seg arbeid utanfor kommune. Innpendlinga til Fjell har auka stabilt over perioden, og var på topp i 2014 med over 6000 innpendlarar til kommunen. Innpendlinga fall etter 2014, men ser ut til å ha stabilisert seg siste år. Nettoinnpendlingsbalansen, altså innpendling minus utpendling, viser at Fjell nådde sitt høgaste punkt i 2014, med ein pendlingsbalanse på -664.




Kjelde: SSB

Det er store kjønnsforskjellar når det gjeld pendling. Både i tidlegare Sund, Fjell og Øygarden var netto utpendlinga om lag dobbelt så stor for menn som for kvinner i 2018. Tilbake i 2014 var det netto innpendling for menn i Fjell, men dette har endra seg i løpet av dei siste fem åra. Medan netto utpendling har vorte redusert for både menn og kvinner i tidlegare Sund og Øygarden, har den auka i Fjell for begge kjønn.


#### SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråveret i tidlegare Sund, Fjell og Øygarden er høgare enn for Hordaland og landet elles.




Kjelde: Statistikk i vest

#### LEDIGE UNGE UNDER 30 ÅR



Kjelde: kommunehelse statistikkbank (FHI 2019)

Medan arbeidsløysa blant unge under 30 år har lagt mellom to og tre prosent i Hordaland og landet elles, har arbeidsløysa variert frå i underkant av fire prosent til fem prosent i tidlegare Øygarden. Arbeidsløysa blant unge har auka både i tidlegare Sund, Fjell og Øygarden frå 2015 til 2017, og var høgare enn fylkes- og landssnittet for alle tre kommunane i 2017.




Kjelde: Kommunehelse statistikkbank

I landet og fylket har det vore lite variasjon i arbeidsløysa blant unge under 30 år i perioden 2013-2017. For menn har arbeidsløysa lagt på rundt tre prosent nasjonalt, og auka frå to til tre prosent i fylket. For kvinner har arbeidsløysa lagt stabilt rundt to prosent både i landet og i fylket.

I tidlegare Sund, Fjell og Øygarden har arbeidsløysa auka for begge kjønn, med unntak av unge kvinner i tidlegare Øygarden, der arbeidsløysa har lagt stabilt i underkant av fire prosent. Auken i arbeidsløysa har vore størst blant menn i alle dei tre kommunane, og låg i 2017 på mellom fem og seks prosent.

#### HEILT LEDIGE ETTER KOMMUNE



Kjelde: Statistikk.ivest.no

I januar 2019 låg arbeidsløysa i Sund, Fjell og tidlegare Øygarden på mellom 3,6 og 4,3 prosent. I løpet av året gjekk arbeidsløysa ned, og i november 2019 låg den på mellom 2,5 og 3 prosent i dei tre kommunane. Gjennom heile året har arbeidsløysa vore mellom 0,5 og 1,7 prosentpoeng høgare i dei tre kommunane samanlikna med snittet for kommunane i Vestland.

#### KORLEIS ER BUSTADTILHØVA I KOMMUNEN?

Mykje av statistikken i dette kapittelet er berre tilgjengeleg for store kommunar, og det finst difor ikkje lett tilgjengeleg data for Sund og tidlegare Øygarden.


Bukvalitet påverkar helse på fleire måtar. Ein vanskeleg busituasjon kan påverka levekår og helsa til barn og unge; det påverkar skuleprestasjonar og deira sosiale liv. Vedvarande låg bukvalitet og langvarig leige av bustad aukar sannsynet for at barn ikkje tar med venner heim.

Vanskelegstilte på bustadmarknaden er som regel i utgangspunktet ei marginalisert gruppe med kjenneteikn som låg inntekt, låg eller inga utdanning og svak arbeidsmarknadstilknytning - i eit befolkningsperspektiv er dette samanfallande med dårlegare helsetilstand. For sårbare grupper kan ein vanskeleg busituasjon bidra til å forsterka og oppretthalde eksisterande helseproblem og sosiale utfordringar (Folkehelseinstituttet).

---

#### BUSTADTYPE ETTER ALDER

Samanlikna med resten av landet har Fjell kommune ei ung bustadmasse. Dette heng saman med den sterke folkeveksten etter at Sotrabraua opna i 1971. På landsbasis er om lag fire av ti bustader bygd etter 1980, mot heile sju av ti i Fjell kommune. I Fjell kommune bur 36,8 prosent av befolkninga i bustader frå 2001 eller seinare (tal frå 2018). 10,1 prosent bur i bustader frå 1960 eller tidlegare. I aldersgruppa 80 år eller eldre bur 24,1 prosent av menna (220 personar) i bustader frå 1960 eller tidlegare, og 32,4 prosent av kvinnene (343 personar).




Kjelde: SSB

Nyare tal er ikkje tilgjengeleg for Sund og tidlegare Øygarden, men tal frå folke- og bustadtellinga (2011) viste at alle dei tre kommunane hadde ei nyare bustadmasse enn i Hordaland elles. I Sund kommune budde 78,1 prosent av folkesetnaden i bustader bygd i 1961 eller seinare. Det same gjaldt 79,4 prosent av folkesetnaden i tidlegare Øygarden, og 84,8 prosent i Fjell. Til samanlikning var tilsvarande tal for Hordaland 69,7 prosent. Det er difor nærliggande å anta at bustadmassen i Sund og tidlegare Øygarden liknar den i Fjell.

#### TAL TRONGBUDDE HUSHALD

Å bu trengt vil seie at bustaden ein bur i har færre rom og kvadratmeter enn det talet på personar i hushaldet tilseier. Å bu trengt fører ofte til at barn ikkje tar med seg vennar heim, noko som kan føra til at dei fell utanfor det sosiale fellesskapet (NIBR 2014:16).


Prosentdelen personar som bur trengt er om lag lik i dei tre kommunane (8 – 8,2 prosent). Samanlikna med Hordaland og landet elles er det ein mindre del personar som bur trengt i dei tre kommunane. I store byar er det meir vanleg å bu trengt. I Bergen gjeld dette nesten 14 prosent, og i Oslo er det over 20 prosent som bur trengt.



Kjelde: SSB

Ser ein nærare på kva for type hushald som bur trengt, kan ein sjå at både på landsbasis og i Fjell kommune er stor skilnad på familiar med og utan heimebuande barn. Par og einslege med små barn (yngste barn 0-5 år) bur oftare trengt enn par og einslege med store barn (yngste barn 6-17 år). Dette kan koma av at i storbarnsfamiliane kan eldre barn ha flytta ut, slik at bustaden ikkje lenger blir rekna som trengt. Ei anna forklaring kan vera at etter kvart som familien veks vel ein å bytta til større bustad, og får dermed meir plass.






Kjelde: SSB

## LEIGER BUSTAD

I Fjell kommune er det meir utbreidd å leiga bustaden sin i aldersgruppene 20-29 år og 80 år eller eldre, samanlikna med andre aldersgrupper. Innanfor alle aldersgrupper er det mest vanleg å eiga sin eigen bustad. Når det gjeld andels-/aksjeeigar er det størst prosentdel som har denne eigarforma i aldersgruppa 80 år eller eldre, etterfølgd av aldersgruppa 67-79 år. I alle aldersgrupper samla er det 13,2 prosent som leiger bustaden sin i Fjell kommune. Til samanlikning er det i Hordaland og Noreg høvesvis 17,8 og 17,9 prosent som leiger bustaden sin.


I aldersgruppa 0-19 år bur 13 prosent i leigd bustad. Langvarig bustadleige aukar sannsynet for at barn ikkje har eige rom, og difor ikkje tar med seg vennar heim (NIBR 2014:16).




Kjelde: SSB

#### BUSTADPRISAR

Figuren under viser at blokkleilegheiter i Fjell kommune er den bustadtypen som har hatt størst auke i kvadratmeterprisen dei siste åra. I 2018 var prisen per kvadratmeter 37 428 kroner, mot 22 867 kroner i 2008. Dette utgjer ei auke på 64 prosent. Einebustader i Sund kommune er den bustadtypen som har auka minst. Her har prisen per kvadratmeter auka med 32 prosent dei siste ti åra. Når det gjeld småhus og blokkleilegheiter i Sund og Øygarden finst det berre enkeltobservasjonar frå 2016, og det er difor ikkje mogleg å seie noko om utviklinga over tid. Årsaka til dette er at SSB berre viser gjennomsnittleg kvadratmeterpris der det er fleire enn ti omsette bustader i løpet av året.



Kjelde: SSB




Kjelde: SSB

Figuren over viser at det har vore stor auke i talet på omsette småhus og blokkleilegheiter i Fjell kommune dei siste ti åra. Ein ser også at omsetnaden av einebustader har vore fallande i Sund og Øygarden, og noko varierende i Fjell kommune. At omsetnaden av leilegheiter og småhus har auka (særleg i Fjell), tilseier at bustadmassa er meir variert enn tidlegare, og kan tyda på at marknaden meir tilpassa ulike bustadbehov. Samstundes kan ein sjå i figuren over at prisane på leilegheiter er høge, og at dei dermed kan vera mindre tilgjengelege for dei med svakare økonomi.

#### KORLEIS ER DEI ØKONOMISKE FORHOLDA OG I KVA GRAD ER DET SKILNADER?

Inntekt og økonomi er grunnleggjande påverknadsfaktorar for helse. Likskap i fordelinga av økonomiske ressursar påverkar truleg andre samfunnsmessige forhold positivt. På den andre sida kan økonomisk ulikskap i eit samfunn føra til auka kriminalitet, kulturelle skilnader og politiske konflikter mellom ulike grupper i samfunnet. Store inntektsskilnader i ein kommune kan vera ein peikepinn på at det også er store sosiale helseskilnader i kommunen. Dei siste 30 åra har alle inntektsgrupper i landet fått betre helse, men helsegevinsten har vore størst for personar med lang utdanning og høg inntekt. Til dømes har denne gruppa høgare forventale levealder enn personar med kortare utdanning og lågare inntekt. Særleg dei siste ti åra har helseskilnadane auka, det gjeld både fysisk og psykisk helse, og både barn og vaksne. Utjamning av sosiale helseskilnader er ein viktig målsetnad i folkehelsearbeidet (Folkehelseinstituttet).

#### FORDELING AV HUSHALD ETTER SAMLA INNTEKT




Kjelde: statistikk.ivest.no

Av figuren over ser me at alle dei tre kommunane har større prosentdel hushald med samla inntekt over 750 000 samanlikna med Hordaland og Noreg. Det er også ein mindre prosentdel hushald med inntekt under 500 000 i dei tre kommunane. Unntaket er hushald med samla inntekt mellom 150 000


og 249 999, der skil Øygarden seg litt ut med ein marginalt høgare prosentdel enn i Hordaland og landet elles.

#### HUSHALDSINNTEKT ETTER SKATT, ETTER TYPE HUSHALD

Dersom ein ser på utviklinga i medianlønn i perioden 2007-2017 ser ein at denne er stigande gjennom heile perioden, med unntak av ein nedgang på 2000 kroner frå 2015-2016. Denne nominelle lønnsutviklinga tek ikkje omsyn til inflasjon (prisstigning) eller endringar i skattesatsen. Ved å rekna om alle verdiar til 2017-kroner får me vist utviklinga i reallønn, som seier noko om utviklinga i hushalda si kjøpekraft. Her ser me at medianlønna vist i 2017-kroner er stigande fram til 2014, men at den er fallande etter dette.




Kjelde: SSB



Kjelde: SSB

Av figuren kan me sjå at både Sund, Fjell og Øygarden har høgare medianinntekt etter skatt enn Hordaland og Noreg for alle hushald. Av dei tre kommunane er medianinntekta etter skatt høgast i Fjell kommune for alle typar hushald. Øygarden har tilsaman høgare medianinntekt enn Hordaland og Noreg, men ser me på dei utvalde hushaldtypane er Øygarden på nivå med Noreg, og noko lågare enn medianinntekta i Hordaland.

GJELD




Kjelde: SSB

Gjelda i norske hushald er aukande, og dei siste åra kan ein sjå ein aukande prosentdel hushald som har gjeld større enn tre gonger samla inntekt. I både Sund, Fjell og Øygarden er denne prosentdelen høgare enn snittet for både fylket og landet. Dette samsvarer også med det ein ser i tenestene, der ein møter stadig fleire som i utgangspunktet har god råd, men som har så høg gjeldsgrad at dei ikkje har disponible midlar til å delta på til dømes fritidsaktivitetar.

## MÅL PÅ ULIKSKAP


Gini-koeffisienten er eit mål på økonomisk ulikskap, der 1 representerer mest ulikskap, medan ved verdien 0 er det fullstendig likskap. Dess høgare verdi det er på Gini-koeffisienten, dess meir ulikskap er det. Ut i frå figuren ser me at i tidlegare Sund, Fjell og Øygarden er det mindre ulikskap enn i Hordaland og landet elles. Ser me på utviklinga over tid kan ein sjå at ulikskapen auka i 2015 innanfor alle dei geografiske områda, men at det har vorte gradvis mindre ulikskap i ettertid. Fjell kommune er unntaket, der ulikskapen ved utgangen av 2017 var om lag på nivå med 2015.



Kjelde: SSB

P90/P10 er eit anna mål på økonomisk ulikskap. Dette er eit forholdstal som viser forholdet mellom inntekta til den personen som har ei inntekt akkurat høgare enn 90 prosent av befolkninga, og inntekta til den personen som har ein inntekt akkurat høgare enn 10 prosent av befolkninga. På same måte som Gini-koeffisienten representerer eit høgare tal meir ulikskap. Resultatet her viser det same som for Gini-koeffisienten, at det er noko mindre økonomisk ulikskap i tidlegare Sund, Fjell og Øygarden enn i Hordaland og landet elles.





Kjelde: SSB.


## SJØLVOPPLEVD ØKONOMI

Tal frå folkehelseundersøkinga Hordaland 2018 viser at region Vest (Askøy, Sund, Fjell og Øygarden) rapporterer om lågare prosentdel sjølvopplevd god eller stort sett god råd, samanlikna med dei andre regionane i Hordaland, også justert for kjønn, alder og utdanning. Dette til trass for at Sund, Fjell og Øygarden har ein større prosentdel hushald som tener over 750 000.

## HUSHALD MED LÅGINNTEKT

Det finst fleire måtar å måla låginntekt på, men ein vanleg brukt metode er å sjå på kor stor prosentdel av hushalda som har samla inntekt mindre enn 60 prosent av medianinntekta. Dette er eit relativt fattigdomsmål, og kva dette inneber vil variera frå land til land. I nokre land er det å vera fattig ein kamp om å kunne dekkja absolutte behov for å overleva. I Noreg er det i hovudsak snakk om å kunna dekkja grunnleggande behov i høve til det som er «vanleg» i samfunnet. Å vera fattig i Noreg kan vera eit hinder for sosial deltaking. Nasjonalt rapporterer også mange unge om mobbing og utestenging som ein konsekvens av at dei ikkje har råd til velferdsgoder på lik linje med andre (NOVA 11/2018).


Per 31.12.2018 budde 8,5 prosent av hushalda i Fjell kommune i det som var rekna som låginntektshushald. Tilsvarande tal for Sund og Øygarden var litt høgare, høvesvis 9,2 og 10,5 prosent. Prosentdelen låginntektshushald var lågare i dei tre tidlegare kommunane enn prosentdelen i Noreg (11,2 prosent), og i Sund og Fjell var den også lågare enn i Hordaland (10,4 prosent) og Noreg. Prosentdelen personar i låginntektshushald har auka i alle geografiske område dei siste åra. Frå 2017 til 2018 auka prosentdelen særskild i tidlegare Sund, Fjell og Øygarden.



Kjelde: SSB

## BARN I LÅGINNTEKTHUSHALD


Ved utgangen av 2018 budde det 9408 barn under 18 år til saman i tidlegare Sund, Fjell og Øygarden. Om lag 975 av desse barna levde i låginntektshushald (under 60 prosent av medianinntekta). Tidlegare Sund og Øygarden hadde størst del prosentbarn i låginntektshushald, 11,4 prosent av barna. Tilsvarande for Fjell og Sund var 9,9 prosent. Figuren over viser at utviklinga i talet på barn har vore svakt stigande i dei tre kommunane, med sterk auke frå 2017 til 2018. Prosentdelen barn i låginntektshushald har også auka i løpet av denne perioden (høgre akse). I Øygarden har prosentdelen barn i låginntektshushald meir enn dobla seg sidan 2008.



Kjelde: SSB

## UFØRETRYGDA


Medan tidlegare Fjell og Øygarden var på same nivå som landet i perioden 2015-2017, skil Sund kommune seg ut med høgare prosentdel mottakarar av uføreytingar i aldersgruppa 18-44 år. Prosentdelen mottakarar av uføreytingar har auka i alle geografiske område, men auken har vore størst i Sund.



Kjelde: Kommnehelsa statistikkbank (FHI 2019)


Dersom ein ser på aldersgruppa 18-66 år har både tidlegare Øygarden og Sund kommune høgare prosentdel mottakarar av uføreytingar samanlikna med dei andre områda. Tidlegare Øygarden hadde

ein prosentdel på 10 siste periode, medan landssnittet og fylkessnittet var høvesvis 9,1 og 8,1 prosent. Medan prosentdelen mottakarar av uføreytingar har vore stabil eller gått litt ned i alle område sidan 2011, har prosentdelen auka i Sund også i denne aldersgruppa.




Kjelde: Kommnehelsa statistikkbank (FHI 2019)

Sund kommune skil seg ut med ein høgare prosentdel uføretrygda i alle aldersgrupper, med unntak av aldersgruppa 55-61 år. Fjell kommune er om lag på fylkessnittet, med unntak av aldersgruppa 62-67 år, der det er ein høgare prosentdel uføretrygda i Fjell enn i Hordaland, men om lag like stor prosentdel som i landet elles. I tidlegare Øygarden er prosentdelen om lag på nivå med snittet for landet, men i aldersgruppa 55-61 år er prosentdelen uføretrygda nesten fem prosentpoeng høgare enn landet elles.




Kjelde: SSB

Talet på uføretrygda har auka mykje i perioden 2015-2018. I Sund, Fjell og Øygarden har talet på uføretrygda mellom 18 og 67 år auka med høvesvis 12, 17 og 8 prosent. På same tid har talet på uføretrygda auka med sju prosent i heile landet. I aldersgruppa 18-24 år har det vore ei sterk auke i talet på uføretrygda, nær 80 prosent auke. Det er verdt å nemna at i reine tal utgjør dette ei auke på 27 personar, då det i utgangspunktet er relativt små tal det er snakk om i denne aldersgruppa. I aldersgruppa 25-34 år har det vore ei auke på over 70 prosent i Fjell og tidlegare Øygarden. I Sund har det vore ei auke på over 40 prosent i aldersgruppene 25-34 år og 45-54 år. I alle dei tre tidlegare kommunane har talet på uføretrygda i den eldste aldersgruppa (62-67 år) gått ned i løpet av perioden.



Kjelde: SSB


## ALDERSPENSJONISTAR




Kjelde: SSB

Talet på alderspensjonistar i dei tre kommunane har auka frå 4631 i 2015 til 5353 personar i 2018. Dette utgjer ein auke på 16 prosent. På same tid har folketalet i dei tre kommunane auka med om lag fire prosent i Sund, Fjell og Øygarden til saman.

Ser me nærare på unge alderspensjonistar (62-66 år) er det stor skilnad i kjønn. For alle tre kommunane er det større prosentdel menn enn kvinner som er alderspensjonistar i denne aldersgruppa. I Sund og Øygarden er prosentdelen alderspensjonistar i denne aldersgruppa gått noko ned sidan 2015, medan den har auka noko i Fjell kommune.




Tabellen under syner prosentdelen av befolkninga på sosialhjelp, både som prosentdel av befolkninga, prosentdel av befolkninga i alderen 18-24 år, og prosentdelen som har mottatt sosialhjelp 6 månadar eller meir. Alle dei tre tidlegare kommunane ligg over snittet for land og fylket, men det er særleg tidlegare Øygarden kommune som skil seg ut med ein høg prosentdel sosialhjelpsmottakarar. Særleg er prosentdelen høg i aldersgruppa 18-24 år, der heile 11,8 prosent får sosialhjelp i tidlegare Øygarden.



Kjelde: SSB

## BRUTTO UTBETALT SOSIALHJELP



Kjelde: Statistikk i vest

Gjennomsnittleg stønad som blir utbetalt i sosialhjelp er mindre i Sund og Fjell enn i Hordaland og Noreg, både når ein ser på gjennomsnittleg stønad per innbyggjar 16 år og over, og gjennomsnittleg stønad per tilfelle. Øygarden kommune skil seg ut ved å ha nesten dobbelt så høg gjennomsnittleg stønad per tilfelle enn Sund og Fjell. Gjennomsnittleg stønad per innbyggjar 16 år og over er om lag tre gongar så høg som i Sund og Fjell, og meir enn det dobbelte av snittet i Noreg.



**C - FYSISK, BIOLOGISK, KJEMISK OG SOSIALT MILJØ****KORLEIS ER DET FYSISKE MILJØET OG I KVA GRAD ER DET GJORT TRYGT OG TILGJENGELEG FOR BEFOLKNINGA?**

Helse vert først og fremst til der menneske bur og lever, og nærmiljøet rundt oss kan enten fremja eller hemma god helse. Tilgang til reint vatn, frisk luft og godt inneklima er viktige føresetnadar for god helse. Vidare må eit godt nærmiljø fremja helse ved å leggja til rette for rekreasjon, tryggleik, sosiale møteplassar, fysisk aktivitet, kulturell identitet og å vera tilgjengeleg for alle (Folkehelsemeldinga – meistring og muligheter).

Gjennom planlegging og tilrettelegging av dei fysiske omgjevnadane i nærmiljøet kan ein leggja til rette for god helse og livskvalitet.

**Hovudtrekk frå dette kapittelet****Fysisk miljø**

- God vasskvalitet og vassleverande i Øygarden kommune
- Flystøy er ei utfordring, særleg for Bjorøy og deler av søre Litlesotra
- Høg konsentrasjon av radon på Bjorøy, samt Vorland og Hamre i Sund
- Generelt god vaksinasjonsdekning i Øygarden kommune
- Nedgang i antibiotikabruk i perioden 2013-2018
- Fleire i Fjell, Sund og tidlegare Øygarden med trygg tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng samanlikna med landet og fylket.

**Sosialt miljø**


- Større del av ungdomsskuleelevar som opplever einsemd, samanlikna med landssnittet.
- Variasjon i kor nøgde ungdomsskuleelevar er med kollektivtransport. Høgare del elevar som er nøgde i Fjell, enn i Sund og tidlegare Øygarden.
- Totalt 255 idretts- og nærmiljøanlegg i Øygarden kommune
- Øygarden har høg valdetaking ved kommunal- og stortingsval
- Ein auke i elevar i vidaregåande opplæring som opplever mobbing
- Variasjon mellom dei tre kommuane når det gjeld mobbing på barne- og ungdomsskule.
- Færre lovbrøt i Øygarden kommune enn landet og fylket.

**DRIKKEVASSKVALITET**

Tilgang på reint drikkevatt fritt for smittestoff er ein vesentleg føresetnad for god folkehelse. Det er difor av betydning at kommunen held oversikt over både forsyningskvalitet og leveringsstabilitet for sine innbyggjarar. Når det gjeld forsyningskvalitet er E.Coli ein av dei mest sentrale parameter for kontroll. E. Coli er ein tarmbakterie som indikerer fersk forureining av avføring frå dyr eller menneske.

Innbyggjarar i Øygarden som er tilknytt offentleg vassleiing får i dag vatnet levert frå fleire vassverk. Innbyggjarar i tidlegare Fjell kommune får i hovudsak levert frå Fjæreide vassverk og Bildøyvatnet vassverk. Kjørelen vassverk i tidlegare Sund kommune er hovudvassverket i Sund, og forsyner også søre Fjell (Haganes og Tellnes). Sund kommune har også Stranda-Glesnes vassverk. Tidlegare Øygarden er forsynt med to hovudvassverk, og sikra med fleire høgdebasseng.

Figurane under syner at vasskvalitet og vassleveranse er svært god for både Sund, Fjell og Øygarden i norsk målestokk. I følgje Kommunehelsa statistikkbank/Folkehelseinstituttet er det tilfredsstillande hygienisk kvalitet for 100 prosent av innbyggjarane som var tilknytt vassverk inkludert i statistikken, i 2017. Samanlikningskommunane Lindås og Os har same gode resultat når det gjeld vasskvalitet, medan Askøy ligg på 95,8 prosent. For leveringsstabilitet ligg samanlikningskommunar lågare enn Fjell, Sund og tidlegare Øygarden. Både landssnitt og fylkessnitt er lågare både på leveranse og kvalitet.



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank (FHI 2019)

Når det gjeld forsyningsgrad varierer denne ein del mellom Sund, Fjell og tidlegare Øygarden. I følgje Kommunehelsa statistikkbank/Folkehelseinstituttet var 94 prosent av befolkinga i Fjell kommune tilknytt offentleg vassverk i 2017. FjellVAR opplyser at dette også gjeld rundt 96 prosent av innbyggjarane i tidlegare Øygarden. Sund VA anslår at det er om lag 2350 husstandar tilknytt offentleg vassverk, noko som utgjør om lag 83 prosent av innbyggjarane i kommunen.

Private vassverk er meir sårbare for forureining, då dei ikkje har dei same rutinane knytt til prøvetaking m.m. som dei offentlege vassverka. FjellVAR fortel at når dei bidreg med prøvetaking av private brønnar og liknande, viser prøvane ofte at vatnet er av dårleg kvalitet.

---

## KLIMA/MILJØ

Miljørådgevar i kommunen meiner at det er for lite oversikt over forureina grunn, og at kunnskapen om kor i kommunen ein finn forureina grunn for ofte er basert på munnleg overlevering. Miljørådgevar erfarer at når det vert meldt om behov for å ta prøve av grunnen på grunn av mistanke om forureining, er det ofte allereie flytta vekk massar frå grunnen.


---

## LUFTKVALITET

Jamfør forskrift om lokal luftkvalitet § 4 skal kommunen syta for å etablera målestasjonar, samt gjennomføra målingar og/eller berekningar av luftkvaliteten. Næraste målestasjon for Øygarden kommune er Loddefjord.

Vegtrafikk er den viktigaste kjelda til lokal luftforureining, i følge Luftkvalitet i Norge. Vedfyring og forbrenning, skipstrafikk og hamneaktivitet, samt industri-, bygg- og anleggsverksemd bidreg også til luftforureining lokalt. I tillegg kan svevestøvpartiklar transporterast med vinden, både frå nærliggande område, men også frå andre land.

Luftkvaliteten varierer med årstidene og tida på døgnet. Generelt er det dårlegare luftkvalitet på vinteren på grunn av vêrtilhøve. Fordi det er mest forureinande aktivitet på dagtid, er som regel luftkvaliteten betre om natta enn om dagen. Lokal luftforureining kan ha helseskadelege effektar, samt gje skade på økosystem og vegetasjon.



Kjelde: Nasjonalt beregningsverktøy for lokal luftkvalitet

Nasjonalt beregningsverktøy for lokal luftkvalitet dekker Litle-Sotra og Bildøy. Verktøyet berekner at det er ein konsentrasjon av nitrogendioksid ( $\text{NO}_2$ ) langs riksvegen frå Sotrabrua til Kolltveittunnellen. Årsgjennomsnittet i 2015 var  $14,6 \mu\text{g}/\text{m}^3$  (milligram per kubikkmeter) i det mørkegule området, med lokale konsentrasjonar opp mot  $21 \mu\text{g}/\text{m}^3$ . Årsgrenseverdien for  $\text{NO}_2$  er  $40 \mu\text{g}/\text{m}^3$  (jf. forureiningslova), og utslepp under grenseverdien vert rekna som trygg.

Det er også gjort berekningar for svevestøv i det same område. Svevestøv vert her omtalt som PM (particulate matter), etterfølgt av eit tal som indikerer størrelse på partiklar i mikrometer. Årsgjennomsnittet i 2015 var på  $5,3 \mu\text{g}/\text{m}^3$  for  $\text{PM}_{2,5}$  og  $12,8 \mu\text{g}/\text{m}^3$  for  $\text{PM}_{10}$ , med lokale konsentrasjonar opp mot  $15,4 \mu\text{g}/\text{m}^3$  for sistnemnde. Årsgrenseverdiane er høvesvis 15 og  $25 \mu\text{g}/\text{m}^3$ . Strekinga frå Sotrabrua til Bildøy (tilsvarande innanfor det gule område i kartet over) vert rekna som gul luftforureiningszone med vintermiddel (1. november til 30. april) over  $40 \mu\text{g}/\text{m}^3$  for  $\text{NO}_2$  og døgnmiddel  $35 \mu\text{g}/\text{m}^3$  for  $\text{PM}_{10}$ . Dette er basert på modellberekningar, og Miljødirektoratet tilrår kommunane å gjera ei nærare vurdering av luftkvaliteten i området ved nybygging (Miljøkommune.no).

Tala over viser at Øygarden kommune i stor grad ligg innanfor det som vert rekna som trygge verdiar når det gjeld luftforureining. Det vil likevel vera viktig at kommunen har eit systematisk oversyn med desse verdiane, då luftforureining utgjer ein risiko for utvikling av helseplagar. Dette er særleg relevant for ein kommune som er prega av næringsutvikling og vekst.

## UTANDØRS STØY

I følge Folkehelseinstituttet er støy definert som uønskt lyd, og kan ha negativ innverknad på søvn, trivsel, livskvalitet og helse. Dei viktigaste kjeldene til støy i samfunnet er trafikk frå veg og samferdsel, industri, tekniske installasjonar, naboaktivitetar og byggje- og anleggsverksemd. Folkehelseinstituttet påpeikar at støy er eit aukande problem, og at fortetting og urbanisering kan skapa utfordringar knytt til støy. Særleg gjeld dette når bustadar skal etablerast i områder nær kollektivknutepunkt og mykje trafikk.


Rapport frå Statistisk sentralbyrå (2012) om barn og unges miljø og helse viser at ein høgare del av barn i familiar med låg utdanning bur i støyutsette områder samanlikna med barn i familiar med høg utdanning. Det er også ein forskjell etter inntekt i hushaldet. Det er likevel slik at samanheng mellom sosioøkonomisk status og det å vere utsett for støy kan variera med lokale forhold. Det er difor viktig med lokal kunnskap av denne samanhengen for å kunna utjamna og førebyggja ulikheit.

Verdens helseorganisasjon tilrår at støynivå frå utandørs kjelder ikkje overstig 55 dB i gjennomsnitt støynivå på dag og kveld. I Noreg er det om lag 2 millionar menneske som er utsett for utandørs støynivå som i gjennomsnitt er over 55 dB ved bustaden. Støy frå vegtrafikk er den desidert største kjelda til utandørs støy i Noreg, og stod for om lag 90 prosent av støyplagene i 2014.

Fly og helikopter er støykjelder som ein veit påverkar ein del innbyggjarar i kommunen vår, og er den støykjelda som får størst merksemd. Store delar av Bjørøy og deler av søre Litlesotra vert utsett for støy frå fly og helikoptertrafikk til og frå Flesland.


Tilsvarande er vegstøy ein negativ faktor for dei som bur og oppheld seg tett på hovudvegnettet. Elles syner kartlegginga at det er lite kunnskap om lokal støy frå andre kjelder.

Kartet under er eit støysonekart som viser støysoner med dagens helikoptertrasear.



Dagens støy - helikoptertrafikk. Kjelde: Kommunekart

Avinor har jobba med nye trasear for helikoptertrafikk, som skal føra til at færrest mogleg blir belasta med minst mogleg støy. Dei nye traseane er ikkje tatt i bruk per 2019, men kartet under viser estimerte støysoner når dei nye traseane vert tatt i bruk.



Utandørs støy Lden 5dB frå 50 dBA for prognosesituasjon (2028).

Kjelde: Handlingsplan mot fly- og helikopterstøy. Bergen lufthavn Fleerland 2018-2023.


---

## RADON

Radon er ein usynleg og luktfri gass som finst i varierende konsentrasjon i berggrunn og jordsmonn. Helsefare oppstår først når gassen trekk inn og vert konsentrert i innemiljøet vårt. Radon i inneluft aukar risikoen for lungekreft. Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet sett krav til radonnivå i skular, barnehagar og utleigebustadar. Det vert også tilrådd å måla radon i eigen bustad. Bygg som er oppført etter 2010 skal ha radonførebyggjande tiltak, jf. TEK 10/17.

Radonkart frå Statens strålevern (september 2019) viser at store deler av Fjell, Sund og Øygarden er merka som område med moderat til låg førekomst av radon. Bjorøy skil seg ut negativt med store deler av øya som er registrert med høge konsentrasjon av radon. Det er også små områder på Vorland, Åsen og Hamre som er registrert med høge konsentrasjonar av radon. Radonkartet viser dei ulike førekomstane i kommunen, men seier ikkje noko om dei eventuelle lokale variasjonane som finst. Kartet fortel heller ikkje kva bustadar i kommunen som eventuelt har eit problem med høg verdi av radon.





Kjelde: Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet - <http://geo.ngu.no/kart/radon/>

## ASBEST

Material som inneheld asbest vart tidlegare brukt i bygningar og installasjonar. Til dømes var eternittør som inneheldt asbest levert som vass- og avløpsrør i perioden 1955-1985. Det vart forbode å bruka material med asbestinnhald frå 1985, då ein vart klar over at eksponering for asbest gir auka risiko for mellom anna kreftsjukdommar (lunge- og lungehinnekraft, samt tjukktarmkraft) og andre sjukdommar som til dømes asbestose og KOLS (Arbeidstilsynet).

I Fjell kommune er det eitt kommunalt bygg i bygningsmaterial som inneheld asbest – Skålevik skule. Sund og tidlegare Øygarden har ingen kommunale bygg som inneheld asbest. FjellVAR (Fjell og tidlegare Øygarden) har oppgitt at dei har eit nytt rørsystem der dei fleste røyr er frå 2003 og seinare. Sund VA oppgjer at dei berre har plastrør, og at alle eternittør er fasa ut.

## SMITTSAME SJUKDOMAR

I løpet av 2018 har det i dei tre kommunane vore tilfelle av Campylobacteriose, Clostridium difficile, Salmonellose, Resistent enterokokk, Kikhoste og Enterokokk. Det har også vore nokre tilfelle (færre enn ti) av Cryptosporidose, E. coli EHEC, E. coli-enteritt, Giardiasis, Gonore, Hepatitt B (kronisk), Hepatitt C, Legionellose, Lyme borreliose, Syst. gr. A streptokokksykdom, Syst. gr. B streptokokksykdom, Syst. Pneumokokksykdom og Virale infeksjonar i sentralnervesystemet (Meldingsystem for smittsame sjukdomar – MSIS). For smittsame sjukdommar er gode hygieniske tiltak best eigna som førebygging.

Folkehelseinstituttet har ansvar for å overvaka førekomsten av smittsame sjukdomar i Noreg, og følgjer med ulike sjukdommar som til dømes chlamydia, tuberkulose, kikhoste, campylobacteriose, hepatitt C, salmonellose, systematisk pneumokokksyndrom og MRSA-smitteberar. I denne samanhengen er også førebygging i form av god handhygiene, høg tilslutnad om vaksineprogram og eventuell behandling dei viktigaste tiltaka for å hindra spreing.


---

## VAKSINASJONSDEKNING

Vaksinasjon er det mest effektive førebyggjande tiltaket for mange av potensielt farlege sjukdomar. Statistikk og data om vaksinasjonsdata bidreg til å vurdere smittevernet i befolkninga, samt å vurdere kor effektivt vaksinasjonsprogrammet er. Folkehelseinstituttet skriv blant anna at ved eit effektivt vaksinasjonsprogram vil det vera lite smitte som sirkulerer i befolkninga, og slik vert også dei som ikkje er vaksinerte beskytta indirekte. Dette vert kalla flokkimmunitet.


Vaksinasjonsdekning vert målt på barnevaksinasjonsprogrammet ved 2, 9 og 16 års alder. Figuren under syner vaksinasjonsdekninga for meslingar, med 5 års glidande gjennomsnitt. Av tala kan ein sjå at Fjell kommune ligg over lands- og fylkessnitt både ved 2, 9 og 16 års vaksiner. Sund kommune ligg under fylkessnittet ved 9 og 16 års vaksiner, medan tidlegare Øygarden kommune ligg så vidt under snittet ved 16 år.

Dersom ein studerer trenden kan ein sjå at for vaksinasjon ved 2 års alder har landet, fylket og Fjell kommune ein klar trend med høgare dekning kvart år. Sund har derimot svak nedgang for siste perioden (2014-2018), medan tidlegare Øygarden varierer meir mellom periodane. Dette kan vera eit resultat av at mindre kommunar gir større utslag ved statistikk.



Kjelde: Kommunehelse statistikkbank (FHI 2019).


Å vaksinera mot influensa vil både førebyggja influensasjukdom, og potensielle følgesjukdomar. Influensa kan gje alvorleg sjukdom og i ytste konsekvens medføra død hos personar i risikogrupper. Personar over 65 år er den største risikograppa, og den einaste risikograppa som ein enkelt kan rapportere på (sysak). WHO og Norge har eit mål om at 75 prosent i risikogruppene skal vera vaksinert, men i dag at talet vesentleg lågare. Tidlegare Øygarden kommune har høgast vaksinasjonsdekning blant dei tre kommunane, men ligg likevel under fylket og landsnitt for 2017/2018.



Kjelde: Kommunehelse statistikkbank

HPV (humant papillomavirus) har vore eit tilbod til jenter på 7. klassetrinn i barnevaksinasjonsprogrammet sidan 2009. Det første årskullet som fekk tilbod om denne vaksinen er

fødd i 1997. Av figuren under kan ein sjå at tidlegare Øygarden ligg høgare enn både fylket og landet, med 62,6 prosent kvinner fødd mellom 1991 – 1996 som har tatt HPV vaksine. Fjell og Sund ligg under både fylke- og landssnitt.



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank (FHI 2019)

## ANTIBIOTIKABRUK


Antibiotika har vore eit særleg viktig bidrag til folkehelsa gjennom å ha revolusjonert behandlinga av infeksjonssjukdomar gjennom historia. Det er ei viktig og effektiv behandling av infeksjonar som skuldast bakteriar.

Bakteriar som er resistente mot antibiotika er eit alvorleg og aukande problem globalt. Det er difor eit viktig poeng å motverka unødig bruk av antibiotika, slik at ein kan bremsa og truleg redusera resistensutvikling. Folkehelseinstituttet opplyser at luftvegsinfeksjonar er den viktigaste årsaka til bruk av antibiotika hos barn. Dei fleste luftvegsinfeksjonar er forårsaka av virus, og antibiotika vil ikkje kunna ha noko effekt på virus, og vil heller ikkje kunna lindra plagar. Bakterielle infeksjonar derimot vil kunna la seg behandla av antibiotika.

I Noreg er det eit nasjonalt mål om å redusera antibiotika bruk med 30 prosent innan 2020. Folkehelseinstituttet sin komité for førebygging og nedkjemping av antibiotikaresistens (Antibiotikakomiteen) har sett ein langsiktig mål om 250 reseptar per 1000 innbyggjarar per år. Av figuren under kan ein sjå at bruk av antibiotika i perioden 2013-2018 er gått ned både for alle tre kommunane Fjell, Sund og tidlegare Øygarden, samt for landet og fylket. Det er likevel framleis eit stykke unna målet til Antibiotikakomiteen.

Gjennom kvalitative intervju med helsetenester i Øygarden kommune vert det opplyst om at tenestene opplever etter kvart ei endring blant innbyggjarane i kommunen, der folk i større grad forstår avgjerla til helsepersonell om å ikkje skrive ut antibiotika. Det vert likevel påpeika at for å nå

måla om reduksjon i antibiotikabruk må det vera eit kontinuerleg fokus på det, og opplæring både på gruppe- og individnivå.



Kjelde: Kommunehelse statistikkbank

## TILGANG TIL FRILUFTSOMRÅDER OG TURVEGAR

Øygarden kommune har eit rikt omfang av landsbruks-, natur- og friluftsområder (LNF). Kystlandskapet gir moglegheit for mange fine opplevingar ute i naturen, og lett tilkomst til desse områda er ein viktig ressurs for folkehelse i kommunen. Folkehelseundersøkinga i Hordaland (2018) syner at 67 prosent vektlegg tilgang til natur- og friluftsområde som det viktigaste for å trivast i sitt nærmiljø.

For å sikra at alle innbyggjarane har moglegheit til å driva friluftsliv i sitt nærmiljø og i naturen elles, er det viktig å ivareta eit godt og variert spekter av områder som har ulike kvalitetar. Dette legg til rette for at befolkninga har moglegheit til å vera aktive både ut frå eigne preferansar og føresetnadar, men også der dei helst ynskjer det. Presset rundt utbygging kan ofte utgjera ein trussel for eigna areal til friluftsliv. I denne samanheng er det difor viktig at kommunen har godt oversyn som viser kvar dei viktigaste friluftsområda ligg.

Både Fjell, Sund og tidlegare Øygarden kommune har gjennomført ei slik kartlegging og verdisetting, og kartet til høgje syner desse områda. Dei ulike fargekodane viser til verdien som friluftsområdet er gitt. Mørk raud farge indikerer svært viktig friluftsområde, mellom raud farge syner viktig friluftsområde, og svak raud viser registrert friluftsområde. Grøne områder viser til ikkje verdisette friluftsområde.





---

#### TILGANG TIL REKREASJONSAREAL OG NÆRTURTERRENG

Både strandlina og turterreng ligg nært der folk bur og oppheld seg, og vert såleis ein viktig ressurs for alle. Den tidlegare nemnde Folkehelseundersøkinga i Hordaland synte at tilgang til natur- og friluftsområda er det folk vektlegg som viktigast for å trivast i sitt nærmiljø. Undersøkinga viste vidare at dei fleste i tidlegare Hordaland fylke oppgir å ha god tilgang til dette, og at det er lite variasjon mellom dei geografiske einingane i undersøkinga. Når det gjeld tilgang til grøntareal er det likevel større variasjon mellom regionane, der Askøy, Sotra og tidlegare Øygarden rapporterast om lågast tilgang.

SSB måler også tilgang til rekreasjonsareal og naturterreng på kommunenivå. I figurane under er dette framstilt ved prosentdel under 20 år som har trygg tilgang til rekreasjonsareal og naturterreng. *Rekreasjonsareal* er her definert som naturområde av ei viss størrelse (minst 5 dekar) som ligg i, eller grensar til tettstadar. Dette inkluderer også dei fleste idrettsområde og parkar. *Nærturterreng* er definert som større friluftsområde på minst 200 dekar som ligg i, eller grensar opp til tettstadar. Også her er dei fleste idrettsområde og parkar inkludert. *Trygg tilgang* er definert som at ein ikkje må krysse vegar med ÅDT (årsdøgntrafikk) >3000 og fartsgrense >30 km/t (SSB).



Kjelde: SSB

Figurane over syner at innbyggjarane under 20 år i Fjell, Sund og tidlegare Øygarden har god trygg tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng samanlikna med landet og fylket. Prosentdelen varierer ein del mellom dei tre kommunane, der særleg tidlegare Øygarden kommune har ein høg prosentdel med trygg tilgang til rekreasjonsareal, og Sund ein særleg høg prosentdel med trygg tilgang til nærturterreng. Figurane syner også at det er ein tendens med ein høgare prosentdel unge som har trygg tilgang til rekreasjonsareal og naturterreng. Unntaket her er Fjell kommune som har ein svar nedgang i del av dei unge som har trygg tilgang til nærturterreng. Det er likevel vanskeleg å seia noko om årsaker til dette, men det vert viktig å halda oversyn med utviklinga i framtida.

Friluftsliv i nære, grønne areal bidreg til fysisk aktivitet, naturopplevingar og miljøforandring. Barn som har naturomgjevnadar som innbyr til variert aktivitet viser også i følgje studiar betre motorisk utvikling enn barn som har funksjonsbestemte og opparbeidde omgjevnadar (SSB – tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng i tettsteder, 2012).

Utnyttinga av grøntområde fell naturleg nok med aukande avstand frå bustad. Særleg gjeld dette for barn, som har ei meir avgrensa aksjonsradius. Dei fleste 5-6 åringar oppheld seg mindre enn 100 meter frå eigen bustad. I snitt er grensa for kor langt folk vil gå eller sykla for å koma seg til eit grøntområde omslagsvis 10 minuttar. Dette betyr i praksis 400 meter for barn og eldre.

I følgje SSB er det ein større del av barn og unge som har trygg tilgang til rekreasjonsareal eller nærturterreng enn det befolkninga elles har. Dette skuldast i hovudsak bustadpreferansane til barnefamiljar, der dei i større grad ynskjer å bu i bustadar nær rekreasjonsareal og nærturterreng, og med tilgang til gang- og sykkelvegar, og vegar med mindre trafikk.

---

## OMFANG AV UNIVERSELT UTFORMA UTEOMRÅDE

Universell utforming er naudsynt for nokon, men bra for alle. Med det meinast det at universell utforming av teknisk og sosial infrastruktur er heilt naudsynt for at til dømes eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal kunna delta i samfunnet, og nyttiggjera seg av ulike tilbod. Samstundes vil universell utforming vera eit gode for alle innbyggjarar, uavhengig av funksjonsnivå. Eksempelvis vil innbyggjarar med barnevogn nytta godt av bygningar og vegar som er tilrettelagt for menneske i rullestol. Vidare vil tydeleg merking og skilting i og utanfor bygningar vera heilt naudsynt for menneske med nedsett syn, men også gjera det enklare for alle innbyggjarar å orientera seg. Ei kartlegging av universell utforming av uteområda på Straume hausten 2019 syner at det er varierende grad av tilrettelegging for rørsle- og synshemma. Mange stader ber det preg av å vera midlertidige løysingar og gammal infrastruktur. På desse plassane er fortauskantar for høge til at ein rullestol lett kan ferdast, og det er mykje inn- og utkøyrslar som har blanda trafikk. Det kan vera utfordrande for både personar i rullestol og personar med synshemming. Alt i alt er det nokre gode løysingar, som til dømes rundt lokalmedisinsk senter, og elles eit stort forbedringspotensiale i sentrum. Mykje vert forbetra med nytt Sotrasamband og opprusting av sentrumsgatene, men ein bør sjå på løysingar som kan betre tilgjenge på dei viktigaste strekningane i påvente av at desse varige tiltaka er på plass.

Universell tilrettelegging av fritidsområde og turløyper er av særskilt betydning for å sikra at tilgang til natur og fritidsområde vert tilgjengeleg for alle. Under finn eit utval av universelle turløyper i den nye kommunen;

- Kyrkjevegen – Foldnes til Hjerteryggen
- Straume idrettspark
- Rundløype Fjell festning
- Apalvågen – Fjæreidevatnet
- Spildepollen
- Glesvær
- Hjeltefjorden – Rong (delvis tilrettelagt)
- Ormhilleren – frå parkeringa til sjøen

---

## KOR NØGDE ER DEI UNGE MED SITT LOKALMILJØ?

Ungdata-undersøkinga gir også eit bilete på kor nøgde ungdomsskuleelevar er med sitt lokalmiljø. Fjell, Sund og tidlegare Øygarden har dei siste åra gjennomført undersøkinga på ulike tidspunkt, og det er slik sett vanskeleg å samanlikna resultatet. Det kan likevel sjå ut som at tidlegare Øygarden og Fjell har ein større del elevar som er nøgde med lokalmiljøet enn Sund, fylket og landet. Siste undersøkinga i 2019 synte at det var 73 prosent av elevane i Fjell som var nøgde med lokalmiljøet, medan snittet for landet og fylket låg på høvesvis 68 og 69 prosent.



**Ungdata:** Prosentdelen ungdomsskuleelevar som svarar at dei er svært nøgd eller litt nøgd på spørsmålet: «Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med lokalmiljøet der du bor?», i prosent av alle som har svar på spørsmålet.

År	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
<b>Heile landet</b>	70	70	70	70	70	70	70	68
<b>Hordaland</b>	72	72	72	72	:	70	70	69
<b>Sund</b>	..	..	..	62	..	66	..	
<b>Fjell</b>	..	..	..	71	..	..	..	73
<b>(Tidlegare) Øygarden</b>	78	..	..	..	..	67	..	


Kjelde: Kommunehelse statistikkbank (FHI 2019)

Folkehelseinstituttet seier at tilhøyrsla til nærmiljøet spelar ei viktig rolle i folk sine liv, og at ulike lokalmiljø kan gi ulike moglegheiter for utfolding og sosialt samvær. Tilbodet av organisasjonar, fritidstilbod og kulturtilbod påverkar individuell utfolding og bidrar samstundes til å skapa identitet og tilhøyrsla til lokalmiljøet. Det same gjeld tilgangen på opne møteplassar, rekreasjonsområde og urørt natur.

## GANG OG SYKKELVEG

Øygarden kommune har totalt 27 km med kommunale vegar som er tilrettelagt for gange og sykling. I Sund kommune utgjer gang- og sykkelveg nær 23 prosent av alle kommunale vegar, medan tilsvarende tal for Fjell kommune er på om lag 18 prosent, og 6,1 prosent for tidlegare Øygarden kommune.

Langs desse vegane ligg det skular og barnehagar, og det er eit viktig mål at mjuke trafikkantar kan ferdast trygt og utan risiko. Føresette har hovudansvaret for å gje naudsynt trafikkopplæring, men helsestasjon, barnehagar og skular er viktige bidagsytarar i dette arbeidet.



Kjelde: SSB

## KORLEIS ER DET SOSIALE MILJØET OG I KVA GRAD ER DET GJORT TRYGT OG TILGJENGELEG FOR BEFOLKNINGA?

Det sosiale miljøet og nettverket har betydning for helsa vår. Eit godt sosialt miljø inneber at ein kan oppleva kjærleik og omsorg, at ein vert akta og verdsett, og at ein tilhøyrer eit sosialt nettverk og eit fellesskap med gjensidige forpliktingar.

Folkehelseinstituttet skriv at mangel på sosial støtte kan medføra fysiske og psykiske lidingar. Ein kan sjå at effekten av manglande sosial støtte både når det gjeld dødeligheit og sjukdom, og denne effekten er også tilstades etter at ein kontrollerer for andre risikofaktorar som røyking, mangel på mosjon, høgt kolesterol og høgt blodtrykk. Sosial støtte påverkar risiko for både hjerte- og kar sjukdommar, infeksjonssjukdommar og depresjon.

Det er av stor betydning at kommunen har god oversikt over korleis innbyggjarane opplever det sosiale miljøet, og kommunen har ei viktig rolle ved å tilretteleggje nærmiljø og samfunnsutviklinga på ein slik måte at den fremjar sosiale møteplassar. Det er også avgjerande at kommunen kartlegg i kva grad det sosiale miljøet reduserer eller fremjar sosiale ulikskapar i helse.

### EINSEMD

Einsemd er det motsette av god sosial støtte. Ungdata-undersøkinga frå 2019 syner at om lag 20 prosent av ungdom i Noreg svarar at dei har vore plaga av einsemd i løpet av den siste veka. For Fjell kommune ligg dette talet høgare, på 26 prosent i 2019. Dette er ei auke frå førre undersøking i 2015, då det var 19 prosent som rapporterte om einsemd. Dei siste tala frå Sund er frå 2017, og synte då at det var 20 prosent av ungdomane som var plaga av einsemd, medan landssnittet på det tidspunkt var 18 prosent. Tidlegare Øygarden var i same år på 26 prosent.

Det er som tidlegare nemnd vanskeleg å samanlikna dei tre kommunane då dei har utført undersøkinga på ulike år, men felles for alle resultat er at dei ligg over snittet for landet på det tidspunktet undersøkinga vart gjennomført.

---

## KORLEIS ER UNGDOM SOSIALE?

I ungdata-undersøkinga kjem det også fram informasjon om korleis ungdomane er saman med kvarandre på fritida. I ungdomsforskinga har det vore vanleg å skilja mellom uteorientert og heimeorientert fritid. Den heimeorienterte fritida lar foreldra få eit større innblikk i kva ungdomane gjer på, medan ungdomane har større fridom og spelerom til å testa ut grenser når dei oppheld seg utanfor heimen. Ungdata synleggjer ei betydeleg endring i korleis ungdom er sosiale, der ein ser at det er stadig færre ungdomskuleelevar som brukar fritida si ute med vener om kveldane. Bekymringa kring ei slik utviklinga handlar i stor grad om at digitale aktivitetar framfor skjermar tek mykje av tida til dei unge. Tidsbrukundersøkinga til SSB viser at samanlikna med dei som var unge på 1980- og 1990-talet, brukar dagens unge mindre tid på idrett og friluftsliv og er mindre saman med vener. Dersom ein ser på tidstrenden for både Fjell, Sund og tidlegare Øygarden kommune har alle tre kommunane ein nedgang i delen av ungdomskuleelevar som brukar fritida si saman med vener. Dette gjeld uavhengig av om ein ser på uteorientert fritid der vener er ute med kvarandre om kveldande, eller om ein ser på prosentdelen som var saman med vener heime hos kvarandre minst to gangar i løpet av dei siste veka. Denne nedgangen er tydeleg for alle tre kommunane, og kan seiast å vera vesentleg.

---

## MEDIEBRUK BLANT UNGEDOM

Samtidig som ein ser ei utvikling der ungdomar er mindre saman med kvarandre på fritida, kan ein sjå ein tilsvarende auke i tida som ungdomar brukar på skjerm. Det kan seiast å ha skjedd nærast ein digital revolusjon der smarttelefonar og digitale medium har endra måten ein kommuniserer og kjem i kontakt med andre på. Fleire unge lever sitt sosiale liv i stor grad på nettet, og det kan slik sett få store konsekvensar for den enkelte å ikkje vera tilstades på den digitale arenaen. Ungdata viser også at det er stor variasjon mellom ungdomar knytt til kor mykje tid ein brukar på skjerm. Det ser også ut til å vera kjønnskildadar, der resultat på landsbasis viser at gutar til saman brukar noko meir tid på skjerm enn jenter. Det er også kjønnsforskjellar knytt til kva digitale aktivitetar ein er oppteken av. Gutar brukar generelt meir tid på spel, medan jenter er mest oppteken av sosiale medium.

Ungdata-undersøkinga syner at det er ein større del av ungdomskuleelevar i Fjell, Sund og tidlegare Øygarden som brukar meir enn fire timar på skjerm, enn landet elles. I Fjell kommune var det heile 41 prosent i 2019 som oppgav at dei brukte fire timar eller meir av fritida si på skjermbruk. Til samanlikning var denne prosentdelen på 31 prosent på landsbasis. Sund og tidlegare Øygarden sine resultat frå 2017 syner at det då var høvesvis 41 og 46 prosent som brukte meir enn fire timar på skjerm i fritida, medan landssnittet for 2017 var på 26 prosent.

Det er usikkert kva som er årsaka til at ungdomar i Øygarden kommune nyttar meir av fritida si framføre skjerm enn ungdomar i landet elles. Det kan tenkast at dette har ein samanheng med satsing på digital skule, der elevar også gjer lekser framføre skjerm, men dette er ikkje mogleg å fastslå sikkert. Vidare kan også mangel på meningsfulle aktivitetar eller sosiale møteplassar forklara noko av skjermbruken. Det er uansett ein viss risiko for uhelse knytt til inaktivitet og mykje tid

framføre skjerm, og det vil difor vera viktig for kommunen å leggja til rette for at ungdomar får ei aktiv fritid.

I intervju med eit elevråd på ein ungdomskule i Øygarden kommune kom det fram at ungdomane sjølve ser positive sider ved å bruka fritida si på skjerm. Fleire viser til at det kan vera enklare å vera sosial med mobilen. Det vert også peika på at mange nyttar sosiale medium som ein første møteplass, der ein ofte etter kvart lagar avtale om tid og stad for å vera saman fysisk. Det vert også vist til at online spelning og anna kan vera ein god læringsarena blant anna for språk, og at mange vert flinke i til dømes engelsk ved at dei spelar med andre ungdomar frå ulike land rundt om i verda.

---

## ORGANISERT FRITID

Deltaking i organiserte aktivitetar gir ungdomar moglegheit for sosialt samvær med andre unge og kan gi andre erfaringar og rammer for læring enn skulen. Det å delta i aktivitetar vert ofte sett på som ei viktig førebyggjande rolle, der ungdomane vert oppteken med fritidsinteresserer. Undersøkinga frå landet dei siste tiåra syner ein fallande prosentdel ungdom som deltek i frivillige organisasjonar. Det er særleg organisasjonar som speidar, korps, kor og religiøse foreiningar som ser ut til å miste flest medlem. Idrettslaga er i stor grad framleis eit populært tilbod. Der er likevel slik at ein finn den breie deltakinga særleg blant dei yngste, og det er færre som vert aktiv i idrettslag utover tenåra. Dette heng truleg saman med at krava i dei ulike aktivitetane ofte stig i overgangen mellom barneidrett og ungdomsidrett.

I 2019 var det 65 prosent av ungdomskuleelevane i Noreg som svarta at dei var med i organisasjonar, klubb, lag eller foreining. I 2019 låg Fjell kommune om lag på same nivå, medan Sund og tidlegare Øygarden låg noko lågare i 2017. Felles for alle tre kommunar er likevel at det har vore ein auke i prosentdelen ungdomskuleelevar som deltek i organiserte aktivitetar. Dette er ulikt utviklinga i landet elles, sjølv om tidshorisonten er for liten til å trekka store konklusjonar. Det kan likevel tenkast at ein auke og variasjon i kva tilbod som finst for ungdomar i Øygarden kommune har medført ein auke i ungdomar som er med i organiserte fritidstilbod.

Av forskning veit ein at barn og ungdom i låginntektsfamiliar deltek mindre i organisert fritid enn andre. Tilbakemeldingar frå lag og organisasjonar i Fjell kommune hausten 2019 syner at dette er eit problem som ein også ser i vår region. Fleire av barna har vanskar med å betala kontingent og klede/utstyr som dei treng til aktivitetar. Til trass for at dei fleste lag og organisasjonar vel å sjå vekk frå ubetalte kontingentar, fell desse barna frå aktivitetar i større grad enn andre barn. Lag og organisasjonar oppgir også at det kan vera utfordringar knytt til rekruttering av barn frå låginntektsfamiliar.

I ungdata-undersøkinga kan ein også sjå ei klar trend der prosentdelen som deltek i organisert idrett fell i takt med aukande alder i ungdomstida. Det er vesentleg færre som deltek i organisert idrett i åttande klasse, enn det er i tiande klasse. Samstundes vert prosentdelen som trenar på treningsstudio høgare med aukande alder i ungdomskule. Dette heng som tidlegare nemnt truleg saman med den endringa som skjer i overgangen mellom barneidrett og ungdomsidrett.

---

## ORGANISERT FRITID BLANT VAKSNE

I Folkehelseundersøkinga for Hordaland (2018) kom det fram at det var om lag 25 prosent av innbyggjarane som deltek vekentleg i organiserte aktivitetar. Det var små forskjellar mellom dei ulike regionane, og små forskjellar mellom menn og kvinner. Undersøkinga fann likevel ein samanheng mellom utdanningsnivå og deltaking i organiserte aktivitet. Blant innbyggjarar med grunnskule som høgaste oppnådde utdanning, var det om lag 18 prosent som deltok vekentleg i organiserte aktivitetar. For dei med minst fire års universitetsutdanning var denne prosentdelen på 32.

---

## KOLLEKTIVTRANSPORT

Øygarden kommune er ein langstrekt kommune med fleire områder som har mindre kollektivdekning, særleg i helger, på kveldstid og i skuleferiar. Avstandane internt i kommunen er for mange store. Dette gjer at innbyggjarar som ikkje har bil kan ha vanskar med å delta på aktivitetar som skjer i nærmiljøet. Bil ser ut til å framleis vera førstevalet når det gjeld reisevanar for våre innbyggjarar.

Folkehelseundersøkinga i Hordaland (2018) syner at fleirtalet av innbyggjarane i Hordaland nyttar privat motorkøyretøy som transportmiddel for å koma seg til arbeid/studiar (58 prosent). Tala er ikkje brotne ned for Fjell, Sund og tidlegare Øygarden, men det er ikkje grunn til å tru at det er færre som nyttar bilen i vår region, enn samanlikna med Hordaland fylke. Tvert i mot viser ei reisevaneundersøking utført av Fjell kommune i 2017 at det var om lag berre 20 prosent av dei som kryssa Sotrabraua i morgonrushet som nytta seg av kollektivtilbod som reisemiddel. I ungdatabasundersøkinga som er gjennomført blant ungdomsskuleelevar i Fjell i 2019 svarar heile 68 prosent av at dei opplever kollektivtilbodet som «svært bra» eller «nokså bra». Sund og tidlegare Øygarden hadde siste ungdatabasundersøking i 2017, og då var det 40 prosent av elevane som var nøgde med kollektivtilbodet i begge dei to kommunane. Det er naturleg at elevar i Fjell er meir nøgde med kollektivtilbodet ettersom dei ligg nærare Straume regionsenter, som er eit viktig knutepunkt i kollektivaksen.

Gjennom kvalitativ datainnhenting kjem det fram at det er fleire tenester som opplever at transporttilbodet ikkje er godt nok tilrettelagt for ein del av innbyggjarane i kommunen. Blant anna vert det vist til at dei eldre er avhengig av ein trygg og god transportordning for at dei skal få moglegheita til å delta på blant anna sosiale møteplassar. I Fjell kommune er det ein eigen bestillingsbuss som hentar innbyggjarane heime og køyrer dei til Sotra Arena (i snitt 5 passasjerar per avgang) eller Straume (20 passasjerar i snitt). Eit fleirtal av passasjerane kjem frå vestsida av Fjell.

---

## REISEVANAR

Reisevaneundersøkinga som vart utført lokalt i 2017 viste som nemnt at prosentdelen som reiste med bil var på nær 80 prosent. Det er likevel relativt stor variasjon i bruk av kollektivtilbod ut frå reisemål. Det er heilt klart flest som nyttar kollektivtilbod innanfor den gruppa som pendlar til Bergenhus (45 prosent), etterfølgt av Laksevåg og Årstad. På den andre sida er det mindre bruk av kollektivtilbod blant dei reisande som skal til/frå Fyllingsdalen (seks prosent), Fana/Ytrebygda (åtte prosent).

Mindre bruk av kollektivtilbod blant reisande som skal til andre bydelar enn Laksevåg og sentrum, heng truleg saman med dårlegare kollektivdekning. Slik sett kan det tenkast å vera eit potensiale for å auka delen av reisande til desse bydelane ved å betra kollektivtilbodet frå Straume til Bergen vest og Bergen sør. Utfordringa med dette at dersom kollektivtransport skal vera eit reelt alternativ til bil, må dette vera både enkelt og tidseffektivt. Dette er ikkje alltid tilfelle, då dei som pendlar frå andre bydelar ofte bur spreidd, og difor er avhengig av å byta mellom fleire bussreiser. Då kan det totalt sett verta for komplisert og tidskrevjande for passasjerar, og dei vel heller privatbil som transportmiddel.

I 2018 vart det gjennomført ei analyse av trafikken over Sotrabraua. Analysen var gjennomført av COWI, og var ein del av arbeidet med å utgreia båt som alternativt transportmiddel for å avhjelpa kø-situasjonen over Sotrabraua. Analysen peikar på at det er størst befolkningstettleik i områda Straume, Kolltveit og Ågotnes. Om lag 25 prosent av innbyggjarane i Øygarden kommune bur på Litlesotra; rundt 9 600 personar. På Ågotnes bur det rundt 2 600, og på Kolltveit bur det i underkant av 2 000. Det er også desse områda som har opplevd vekst den siste tida. Når det gjeld konsentrasjon av arbeidsplassar er denne høgast i områda Ågotnes og Straume, og det er også her det er flest pendlarreiser. Per 2018 var det om lag 2 500 sysselsette på Ågotnes, medan det var om lag 3 800 sysselsette på Straume. Totalt sett betyr dette at hovudtyngda i transportbehovet i stor grad ligg på Litlesotra, Bildøy og Ågotnes.

---

## KULTURDELTAING OG TILBOD

Kunst- og kulturlivet er ein viktig møteplass, ytringsrom og samtidig eit refleksjonsrom over kven ein er som menneske, og som lokalsamfunn. Det er også ein viktig arena der barn, unge og vaksne kan utvikla identitet og kreativitet, og samtidig oppleva meistring, tilhøyrslø og fellesskap. Dette er viktige faktorar som bidreg til trivsel både for den enkelte, og for samfunnet.

Tilbodet i Øygarden kan seiast å vera rikt og mangfaldig med totalt 311 frivillige organisasjonar registrert i Frivillighetsregisteret. Hovudvekta (nær halvparten) av desse ligg innanfor kultur og rekreasjon, medan det også er mange innanfor bustad- og lokalmiljø. Elles har kommunen frivillige organisasjonar innanfor helse, sosiale tenester, politikk- og interesseorganisasjonar, trus- og livssyn, fagforeiningar, mangfald og inkludering, samt barne- og ungdomsorganisasjonar. Flesteparten av dei 311 frivillige organisasjonane ligg i tidlegare Fjell kommune (203), medan 54 ligg i tidlegare Øygarden og 54 i Sund kommune.

Av idretts- og nærmiljøanlegg er mesteparten av desse knytt til ballidrett, men det er også anlegg knytt til fleirbrukshall og skuleanlegg, friidrett, turn, trim, dans, vassportsanlegg, symje/badeanlegg, motor- og sykkelsport og skyting.

I ungdata-undersøkinga svarar ungdomsskuleelevar på kor nøgde dei er med kulturtilbodet i kommunen. I undersøkinga frå 2019 svara 72 prosent av dei spurde ungdomsskuleelevane i Fjell at dei opplevde kulturtilbodet i kommunen som «nokså bra» eller «svært bra». Sund kommunen gjennomførte undersøkinga sist i 2017, og då var det 45 prosent av elevane i undersøkinga som var nøgde med kulturtilbodet. Undersøkinga i Øygarden kommune frå same år (2017) synte at det var 40 prosent som var nøgde med kulturtilbodet. Det er med andre ord stor variasjon mellom dei tre

kommunane når det gjeld tilfredsheit med kulturtilboda. Det er likevel verd å merka seg at tala er frå ulike år, og kan slik sett vera problematiske å samanlikna.

Når det gjeld deltaking i kulturtilbod er det ein del variasjon mellom dei tre tidlegare kommunane. Fjell skil seg ut med ein lågare del barn i alderen 6-15 som deltek i kommunen sin musikk- og kulturskule med 7,1 prosent deltaking. Til samanlikning har Sund og Øygarden høvesvis 10,6 og 13,6 prosent, medan Hordaland har 12,7 prosent.

I folkehelseundersøkinga frå Hordaland i 2018 kjem det fram at det er geografiske forskjellar når det gjeld opplevd tilgang til butikkar og servicetilbod, samt kultur- og idrettstilbod. Prosentdelen som oppgir god tilgang for kultur- og idrettstilbod i region vest (Askøy, Sotra og Øygarden) ligg på om lag 80 prosent. Til samanlikning ligg Nordhordland på vel 57 prosent, og Bergen på omlag 86 prosent.

#### KVA SIDER VED DET SOSIALE MILJØET VI BØR VERE SÆRSKILT MERKSAME PÅ?


Trygge og inkluderande lokalsamfunn er ein føresetnad for å ha aktive og deltakande innbyggjarar. I kva grad parkar, grøntområde, uteområde og møteplassar vert nytta avheng både av områda ligg nært der folk bur, men også av at vedlikehald er bra, og at folk kjenner seg trygge der. Tryggleik i denne samanheng handlar ikkje berre om fysisk utforming for å førebyggja skader og ulykker, men også om at det sosiale miljøet må vera av ein slik kvalitet at innbyggjarane opplever det som trygt.

---

#### MOBBING


Det finst fleire undersøkingar som tek for seg mobbing blant skuleelevar. Undersøkingane vert gjerne gjennomført på ulike tidspunkt, på ulike skular, og er formulert på ulike måtar. Dette gjer at resultatane spriker. Til dømes viser ulike undersøkingar at prosentdelen 7.-klassingar som opplever mobbing i skulen i tidlegare Øygarden spriker mellom 1,3 og ti prosent. Me har her valt å ta utgangspunkt i elevundersøkinga, som vert gjennomført på alle skular i Noreg i løpet av siste halvdel av haustsemesteret kvart skuleår i 7. og 10. trinn i grunnskulen, og VG1 på vidaregåande skular. Undersøkinga er obligatorisk å gjennomføra for skulane, men det er frivillig for elevane å delta. Normalt ligg svarprosenten på over 85 prosent.

Figuren under viser den prosentvise delen av elevar som svarar at dei vert mobba av medelevar, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gangar i månaden eller oftare. Sotra vidaregåande skil seg ut negativt ved at det er ein auke frå perioden 2016-2017 til 2019-2019, medan trenden er motsett for landssnittet, og til dels også for fylket. Sotra vidaregåande skule har også ein større prosentdel som er utsett for mobbing samanlikna både med fylket og landet, medan det tidlegare har vore motsett.



Kjelde: Skoleporten (Utdanningsdirektoratet)

Elevundersøkinga som vert gjort på 7. og 10. trinn i grunnskulen gir eit inntrykk av korleis barn og unge har det på skulen. Undersøkinga frå 2017/2018 syner at det er prosentvis færre elevar i Fjell og Sund kommune som rapporterer om mobbing på skulen i 7. trinn samanlikna med fylket og landet, medan på 10. trinn er det fleire samanlikna med fylket og landet. Tidlegare Øygarden kommune ligg på same nivå som fylket og landet.



Kjelde: Skoleporten (Utdanningsdirektoratet)


KRIMINALITET



Tilgang til eit trygt lokalmiljø er av stor betydning for folkehelsa. Tillit til kvarandre og tillit til sentrale myndigheiter er avgjerande for at innbyggjarane kan oppleva livskvalitet og meistring i kvardagen. Kommunen må ha oversikt og kunnskap over kriminalitet i sin eigen kommune, og planleggja og leggja til rette for trygge nærmiljø.

Figuren under syner at både Sund, Fjell og Øygarden har færre melde lovbrøt per 1000 innbyggjarar samanlikna med landet og fylket. Det er elles verdt å merka seg at Fjell ligg nærare fylkes- og landssnittet enn Sund og Øygarden. Dette kan ha samband med størrelse på kommunen. SSB har i tidlegare rapport (Kriminalitet og rettsvesen 2009) påpeika regionale forskjellar på lovbrøt, der ein ser ein relativt klar samband mellom kor tett folk bur og omfanget av kriminalitet. Relativt til innbyggjartalet stig den registrerte kriminaliteten med aukande tal innbyggjarar. I rapporten vert det også vist til at dei 13 mest folkerike kommunane (med meir enn 50 000 innbyggjarar) har i snitt meir enn dobbelt så mange registrerte lovbrøt som kommunar med mindre enn 5 000 innbyggjarar.


Figuren syner også ein fallande tendens i kriminalitet. Både landet, fylket og alle tre kommunar har færre meldte lovbrøt i 2017-2018 enn i 2010-2011.



Kjelde: SSB


## VALDELTAKING

Informasjon om valdeltakinga i ein kommune seier noko om sosial deltaking og engasjement, samt om stoda til dei demokratiske verdiane i lokalsamfunnet. I kommunevala skil tidlegare Øygarden seg ut med høgare målingar enn både nabokommunar, fylket og landssnittet. Både Fjell og Sund ligg under fylket og landssnitt i siste kommuneval, men er elles på nivå med landet i dei fleste kommunevala.



Kjelde: Statistikk i vest

Også ved stortingsval skil tidlegare Øygarden kommunen seg ut med høg valdeltaking i dei siste stortingsvala, med 82,4 prosent valdeltaking ved førre val i 2017.



Kjelde: Statistikk i vest

## D - SKADER OG ULYKKER

KVA FOR TYPE SKADER OG ULUKKER BLIR INNBYGGJARANE VÅRE UTSETTE FOR? KVAR OG KORLEIS SKJER ULUKKENE? KVEN BLIR RÅKA?

Skader og ulykker er den viktigaste årsaka til dødsfall for nordmenn under 45 år. Førebyggingspotensialet kan gi stor helsegevinst i form av auka livskvalitet og fleire leveår. Kommunen må ha god oversikt over kva skader og ulykker innbyggjarane våre vert utsett for. Kvar og korleis skjer ulykkene? Kven er det som vert ramma?


### Hovudtrekk frå dette kapittelet

- Vesentleg reduksjon i vegtrafikkulykker i perioden mellom 2001-2018
- 16 registrerte vegtrafikkulykker i 2018
- Færre innlegingar i spesialisthelsetenesta pga skader, med unntak av tidlegare Øygarden


## VEGTRAFIKKULYKKER

Talet på vegtrafikkulykker er vesentleg redusert i perioden mellom 2001-2018. For heile Øygarden kommune var det registrert 16 vegtrafikkulykker i 2018, mot 46 i 2001. Dette utgjør ein nedgang på om lag 65 prosent. Nedgangen har vore størst etter 2012. Totalt var det i heile perioden 692 ulykker i Øygarden kommune. 23 av desse var dødsulykker, der totalt 26 personar vart drepne. 17 av dei som vart drepne var ulykker i Fjell kommune, fire i Sund og fem i tidlegare Øygarden.

Intervju med blant anna politi og brannvesen stadfestar også trenden med nedgang i alvorlege trafikkulykker. Det vert blant anna peika på vegutbetring og endringar i fartsgrenser som viktige tiltak og moglege årsaker til reduksjon i vegtrafikkulykker. Ei anna forklaring kan også vera at nyare bilar er vorten sikrare og slik sett bidrar til nedgang av personskadar og død i trafikkulykker.




Kjelde: Statistikk i vest



Kjelde: Statistikk i vest

For heile Øygarden kommune er det nedgang på tal skadde i trafikken på om lag 67 prosent i perioden 2001-2018. Som tidlegare nemnd ser det ut til at nedgangen viser seg tydelegast etter 2012. For perioden er det størst nedgang i hardt skadde, og mindre nedgang i lettare skadde.




Kjelde: Statistikk i vest

## BRANN

I 2019 var det 41 menneske som omkom i brann i Noreg, i følgje tal frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB). Dette er det høgaste talet sidan 2014. Det vert vist til at desember er den månaden det brenn oftast, og det var også denne månaden flest omkom i 2019 (seks personar i Noreg). DSB viser elles til at røyking er den største årsaka til at folk dør i brann, og at menn er kraftig overrepresentert i statistikken. Det vert elles vist til at eldre og pleietrengande, personar med nedsett funksjonsevne og rusavhengige er spesielt utsett for brann. Personar over 70 år har fire til fem gangar høgare risiko for å omkomme i brann samanlikna med resten av befolkninga. Risikoen er høgast for eldre som bur aleine.


Øygarden brann og redning IKS har for tida tre brannstasjonar – Ågotnes brannstasjon som er hovudbrannstasjon og der administrasjonen held til, samt Skogsskiftet brannstasjon og Dalsneset brannstasjon. Det pågår eit arbeid med ny plassering av brannstasjon på Skogsskiftet. Det er ingen eigen brannstasjon på Straume, men ein avtale med Bergen brannvesen ivaretek Litle-Sotra og Bildøy. På bakgrunn av innbyggjartal og sårbarheitsanalysar er ikkje stasjonane i Øygarden brann og redning bemanna, men er organisert med deltidstilsette i beredskapsstyrken.

Figuren under syner talet på bustadbrannar per 1 000 innbyggjarar for dei tre tidlegare kommunane Sund, Fjell og Øygarden, samt tidlegare Hordaland fylke. Frå 2012 og utover er det som utgangspunkt færre brannar per innbyggjarar i dei tre kommunane enn Hordaland. Det er likevel ein del utfordringar knytt til små tal i dei minste kommunane, som gir store utslag på grafen.



Kjelde: Statistikk i vest

Når det gjeld bygningsbrannar er biletet omtrent det same, med ein del store utslag på grafen i nokre år, som truleg skuldast små forhold. Frå 2013 og utover er det i hovudsak færre bygningsbrannar i dei tre tidlegare kommunane enn tidlegare Hordaland fylke.



Kjelde: statistikk i vest

## STADIG AUKE I HELSEOPPDRAG

Brannvesenet har dei siste åra opplevd ein auke i helserelaterte oppdrag. Per november 2019 hadde Øygarden brann og redning IKS hatt 59 helseoppdrag i løpet 2019. Dei fleste helseoppdraga som brannvesenet vert kalla til handlar om akutte oppdrag det det er viktig at hjelpa kjem raskt. Eksempelvis vil legevakta kontakta brannvesenet ved hjartestans dersom dei kan koma raskare til


enn ambulansen. I slike tilfelle gir brannvesenet førstehjelp inntil ambulanse er på plass. Andre oppdrag kan handla om å hjelpa heimesjukepleiarar med bærehjelp.

Ein auke i helseoppdrag for brannvesenet er både eit lokalt og nasjonalt utviklingstrekk. Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) har blant anna vist til at helseoppdrag er det brannvesenet oftast rykker ut på, etterfølgd av transportulykker, brannhindrande tiltak, brann i bygningar og brann i marka.

DSB peikar på sentralisering i kommunane som ei mogleg årsak til auken i helseoppdrag for brannvesenet. Dette er også eit inntrykk som ein får lokalt i Øygarden kommune. Aktivitetsnivået for ambulansetenesta er høgare enn brannvesenet, og ofte kan ambulansen vera på andre sida av Sotrabraua når det er behov for akutt utrykking. Då kan det henda at brannvesenet i enkelte tilfelle må rykka ut fordi dei er nærare den akutte hendinga, og kan gje førstehjelp til ambulansen kjem. Ei samfunnsutvikling der trenden er at fleire bur heime lengre kan også vera ei medverkande årsak. Ei slik utvikling krev eit godt utbygd støtteapparat, som til dømes tilstrekkeleg ressursar i heimetenesta, god førebygging av fall, og god akutt beredskap. Brannvesenet viser til at dei vert bedt om å hjelpa andre tenester som til dømes heimetenesta dersom dei har pasientar som har falt heime. Fleire eldre som bur heime er også viktig å ta omsyn til ettersom eldre er overrepresenterte i statistikken for omkomne i brann.

For brann- og redningsmannskapet kan auken i helseoppdrag vera ei krevjande utvikling. Tilsette i brannvesenet er sertifisert i førstehjelp, og har ein del utstyr som til dømes hjartestartar i brannbilane, men dei er likevel ikkje utdanna helsepersonell. Dei tilsette jobbar i eit fagleg krevjande yrke med eit vidt spenn i arbeidsoppgåver og høge kompetansekrav. Helseoppdraga kan verta ei tilleggsbelastning for dei tilsette, med ytterlegare krav til kompetanse og opplæring. Aukande spenn i arbeidsoppgåver kan også tenkast å påverka rekruttering av arbeidskraft til brannvesenet. Vidare peikar DBS på at utviklinga kan representera ein risiko for at befolkninga ikkje får den helsehjelpa dei har krav på.

Figuren under syner fordelinga av Øygarden brann og redning IKS sine godkjente oppdrag i løpet av 2019. Statistikken stadfestar det som kjem fram gjennom intervjuet, med helseoppdrag som den hyppigaste årsaka til utrykking.




Kjelde: Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB).

#### PERSONSKADER BEHANDLA I SJUKEHUS


Sidan 1950-talet har det skjedd ein vesentleg reduksjon i dødelegheita som følgje av skader og ulykker. Likevel er ulykkesskader fortsatt eit helseproblem, særskilt blant barn, unge og eldre. For eldre personar er hoftebrot særleg alvorleg ettersom det kan medføra redusert funksjonsevne, auka risiko for andre følgjesjukdommar knytt til inaktivitet, og risiko for redusert livskvalitet. Ei medverkande årsak til hoftebrot blant eldre, og særleg kvinner, er lav beinmasse (osteoporose). Det er eit stort potensiale for å førebyggja skader og ulykker i samfunnet. Statistikken under syner personskadar som er behandlingsskrevjande i sjukehus, og dermed også omfanget av dei mest alvorlege skadane. Tala er oppgitt per 1000 innbyggjarar. Fjell og Sund ligg under fylkes- og landsnitt i periode. Tidlegare Øygarden ligg derimot over snittet, med 15,2 behandlingsskrevjande skadar per 1000 innbyggjarar i perioden 2015-2017.






Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank (FHI 2019)

For alle dei tre tidlegare kommunane er det flest behandlingsskrevjande personskadar blant dei eldre i samfunnet (75 år +). Fjell og Sund ser likevel ut til å hatt ein nedgang over dei siste åra, medan tidlegare Øygarden kommune har hatt ein auke. Det er likevel ein del usikkerheit knytt til små tal, som kan gi store utslag i statistikken.



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank (FHI 2019)

Når det gjeld type skade kan ein sjå i figuren under at det er hovudskader og hoftebrot som har vore aukande i tidlegare Øygarden kommune, medan forgiftingar har hatt ein nedgang.



Kjelde: Kommnehelsa statistikkbank (FHI 2019)

## E - HELSERELATERT ÅTFERD

### KORLEIS LEVER FOLK LIVA SINE?





Kva for val våre innbyggjarar tek når det gjeld helse og helsevanar heng tett saman med sosioøkonomisk status. Grunnlaget for gode vanar vert lagt i barneåra. Kommunen kan planleggja og leggja til rette slik at innbyggjarane enkelt kan gjera gode val for eige liv og helse.

#### Hovudtrekk frå dette kapittelet

- Fjell, Sund og tidlegare Øygarden har ein større del av nyfødde barn som får heimebesøk enn landet og fylket.
- Variasjon mellom kommunar når det gjeld røyking blant fødande.
- Variasjon mellom kommunane når det gjeld fedme/overvekt på sesjon.
- Færre meldte tilfelle av vald og mishandling enn snittet for Hordaland.
- Innbyggjarane i region Vest (Sund, Fjell, tidlegare Øygarden og Askøy) rapporterer om dårlegare kosthald og mindre fysisk aktivitet enn snittet for Hordaland.


### HELSEUNDERSØKINGAR FOR BARN

Figurane under syner prosentdel nyfødde barn som får heimebesøk av helsesjukepleiar, samt prosentdel barn som er undersøkt av lege ved utgang av 8. leveveke. Sund skil seg ut med resultat over fylkes- og landssnitt på begge variablar. Alle dei tre kommunane ligg høgare enn fylkes- og landssnitt når det gjeld heimebesøk til nyfødde (med unntak av særleg lågt resultat i Fjell 2017). Når det gjeld undersøking ved utgang av 8. leveveke ligg Fjell og tidlegare Øygarden under fylkes- og landssnittet.



Kjelde: SSB, tabell 11993

Sund og tidlegare Øygarden har hatt ein auke i prosentdel barn som vert undersøkt ved 2-års alder. I 2018 var det 100 prosent av 2-åringar som vart undersøkt, medan det i 2015 var 90,9 prosent. Fjell derimot har hatt ei nedgang frå 107,2 prosent i 2015 til 86,9 prosent i 2018- Lands- og fylkessnittet i 2018 var på høvesvis 96,3 og 97,3 prosent.




Kjelde, SSB tabell 11993

Når det gjeld undersøkinga ved grunnskule 1. trinn er det berre tidlegare Øygarden som har hatt ei positiv utvikling i perioden 2015 til 2018. Sund har hatt nedgang i del barn som vert undersøkt ved 1. trinn grunnskule, same trend som landet og til dels Fjell kommune.


## RØYKING OG TOBAKKSBRUK

Medan prosentdelen kvinner i Fjell som opplyser ved første svangerskapskontroll at dei røyker er lågare enn landssnittet (3,3 prosent i Fjell, 5 prosent i landet), er prosentdelen noko høgare enn landssnittet i Sund og tidlegare Øygarden (høvesvis 5,4 og 5,6 prosent). Både nasjonalt og i dei tre kommunane har prosentdelen fødande som røyker vorte vesentleg redusert sidan perioden 2010-2014.




Kjelde: Kommnehelsa statistikkbank (FHI 2019)

Når det gjeld elles i befolkinga viser Folkehelseundersøkinga Hordaland 2018 at region Vest (Askøy, Sund, Fjell og tidlegare Øygarden) er den regionen i Hordaland som har høgast del av innbyggjarar som snusar dagleg (11,9 prosent). Regionen ligg også høgt på prosentdelen innbyggjarar over 18 år som røyker dagleg (8,4 prosent)




Kjelde: Folkehelseundersøkinga Hordaland 2018




Kjelde: Folkehelseundersøkinga Hordaland 2018

## OVERVEKT PÅ SESJON

Figuren under syner prosentdel av alle gutar og jenter med overvekt og/eller fedme på sesjon. Overvekt vert definert som KMI (kroppsmasseindeks) tilsvarende 25-29,9 kg/m<sup>2</sup>, medan fedme vert definert som KMI over eller lik 30 kg/m<sup>2</sup>. Statistikken viser 4 års glidande gjennomsnitt. Dersom ein ser på både overvekt og fedme skorar tidlegare Øygarden høgt over heile perioden. Glidande gjennomsnitt i perioden 201-2017 viser at 36,2 prosent av alle gutar og jenter i tidlegare Øygarden ved sesjon kjem inn under definisjon for overvekt og/eller fedme. Til samanlikning er landssnittet på 22,7 prosent og fylkessnittet på 23,1 prosent. Sund og Fjell ligg på høvesvis 29.9 og 24,0 prosent. Det er noko svingingar frå år til år, men tendensen er stigande uavhengig av kva for geografisk eining ein legg til grunn.



Kjelde: Statistikk i vest



Kjelde: Statistikk i vest // Helsetenesta i Hordaland

## TANNLEGE BESØK

Prosentdelen barn utan karies varierer mellom dei tre tidlegare kommunane. Medan Fjell er om lag på fylkessnittet for alle dei tre aldersgruppene, ligg Sund dårlegare an enn fylket. Tidlegare Øygarden har ein noko høgare prosentdel barn utan karies i alderen fem år, men noko lågare prosentdel 12-åringar er utan karies. 18-åringane i tidlegare Øygarden er på fylkessnittet. Samla sett ser delen undersøkte



barn utan karies ut til å vera noko lågare i Øygarden kommune enn i Hordaland, særleg blant 12-åringar.

Folkehelseundersøkinga Hordaland 2018 viser at det i region Vest i snitt har gått lengre tid sidan førre tannlegebesøk blant den vaksne delen av befolkninga, enn i resten av Hordaland.


Tannhelsetenesta i Øygarden ser utfordringar med at eldre bur lenger heime enn tidlegare. Dei melder om at mange eldre som bur heime ikkje har tilstrekkeleg muskelkraft og koordinasjon til å utføra tilfredsstillande tannstell på eiga hand.

## VALD OG MISHANDLING

I folkehelsemeldinga «Gode liv i eit godt samfunn» vert det vist til at vald er eit stort samfunnsproblem og eit folkehelseproblem. Befolkningsundersøkinga viser at det er ein stor del av befolkninga som opplever vald. I følgje Folkehelseinstituttet har nesten ein tredel av befolkninga (44 prosent av menn og 22 prosent av kvinnene) blitt utsett for vald i løpet av livet. Om lag fem prosent har blitt utsett for alvorleg vald i løpet av oppveksten. Både fysisk vald, seksuelle og psykiske overgrep og omsorgssvikt vert rekna som vald.

Dei helsemessige konsekvensane av vald og overgrep kan vera både alvorleg og omfattande, og i verste fall også livstrugande. Psykiske plager som angst, depresjon eller post traumatisk stress lidning er vanleg. Vald aukar også risikoen for fall i skuleprestasjon og fråfall frå utdanningsløp og arbeidsliv. I verste fall kan dødsfall vera konsekvensane av å bli utsett for vald.

Figuren under syner kor mange meldte lovbrøt for valdskriminalitet dei ulike kommunane hadde per 1 000 innbyggjar for perioden 2013-2018. Tala viser at det er vesentleg færre melde lovbrøt for vald og mishandling samanlikna med fylket og landet. For perioden 2017-2018 var det 5,0 melde lovbrøt per 1000 innbyggjar i Fjell kommune, medan det i fylket og landet var høvesvis 6,4 og 6,9. For Sund og Øygarden var det i same periode 3,8 og 4,1 lovbrøt per 1000 innbyggjarar.



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank (FHI 2019)

Gjennom intervju med ulike tenester vert det peika på at omfanget av vald og mishandling truleg er større enn det som tala tilseier. Det er ikkje alle forhold som vert avdekkja, og heller ikkje alle avdekkja forhold som vert meldt til politiet. Det krevst eit særskilt og kontinuerleg fokus i tenestene for å førebyggja, avverga og avdekkja opp vald og mishandling.

Tannhelsetenesta peiker blant anna på utfordringar knytt til varslingsprosjekt. Tannhelsa ser dei aller fleste barn gjennom rutineinnkallingar, og dette kan vera ein god moglegheit til å sjå etter eventuelle teikn på omsorgssvikt. Det at barna sit gjennom undersøkingsprosedyra i tannlegestol, under godt lys, gir tannpleiarar og tannlegar ein moglegheit til å vurdere teikn på manglande stell (skitne klede, manglande tannstell, lange fingerneglar m.m.), men også meir konkrete teikn på vald som til dømes blåmerke i område der ein ikkje naturleg klarar å få blåmerke. Det vert likevel vist til ulike utfordringar knytt til varslingsprosjekt og bekymringsmeldingar til barnevernet. Dette kan både dreia seg om usikkerheit i høve kva tidspunkt det er riktig å melda frå på, men også usikkerheit for eigne funn.

Helsesjukepleiarar observerer også ein sosial gradient når det gjeld vald og kriminalitet. Eksempelvis kan ein sjå at kvinner med låg utdanning ofte kan ha vanskar for å bryta ut av forhold med vald. Dette kan både ha årsak i at låg utdanning gjer dei økonomisk avhengige av sine partnarar, men også fordi ein kan ha mindre tilgang på sosial støtte og nettverk.

Legevakta peikar også på at dei ser ein auke innanfor helserelaterte hendingar som er knytt til vald og/eller overgrep.

Det er også eit viktig poeng at vald og overgrep i nære relasjonar bør vera eit område som er gjenstand for nullvisjonsarbeid. Det inneber å arbeida etter eit framtidig mål om at det ikkje skal førekomma vald i nære relasjonar. Dette har si årsak i den store påkjenninga det er for individ som vert utsett for dette, og dei store konsekvensane det kan få for folk sine liv og helse.

---

## KOSTHALD OG FYSISK AKTIVITET

Det er lite tilgjengeleg informasjon om kosthaldsvanar på kommunenivå, men Folkehelseundersøkinga Hordaland 2018 har undersøkt dette i Hordaland. Her utgjer Sund, Fjell og tidlegare Øygarden region vest saman med Askøy kommune. Nokre funn frå undersøkingsprosedyra viser at samanlikna med snittet for fylket er det i region vest (sjølvrapportert):

- Færre som drikk sukkerhaldig brus/leskedrikk «sjeldan» eller «aldri»
- Færre som har dagleg inntak av frukt og bær
- Dagleg inntak av grønnsaker er like under snittet for fylket
- Færre som et fisk ein gang i veka eller meir
- Færre som er i fysisk aktivitet i minst ein halv time per dag
- Færre som oppgir at dei har god helse
- Prosentdelen som opplever einsemd er like under snittet
- Prosentdelen som opplever sosial støtte er like over snittet
- Noko fleire enn snittet deltek i organisert aktivitet kvar veke

Fysisk aktivitet blant unge vert målt i ungdata-undersøkinga gjennom spørsmål om trening. Både Fjell, Sund og tidlegare Øygarden ligg omtrent på nivå landssnittet for delen av ungdomar som trenar minst ein gang i veka (81 prosent).

---

## ALKOHOL

Alkohol som rusmiddel har lang tradisjon i Noreg. Tal viser at vaksne drikk meir alkohol i dag enn tidlegare, samtidig som ein ser at bruken av alkohol blant unge har flata ut, og gått nedover sidan årtusenskiftet. I 2011 var det 16,0 prosent av ungdomskuleelevane i Noreg som hadde vore rusa på alkohol minst ein gang, medan prosentdelen i 2018 er gått ned til 12,7 prosent. Det er elles verd å merka seg at det i 2018 var ein auke samanlikna med dei to føregåande åra i 2016 og 2017 (12,1 prosent). Uansett er det framleis mange unge som drikk alkohol, og då særleg i slutten av tenåra. Det å drikke alkohol er forbundet med større fare for akutte ulykker. Vidare ser ein at dei som byrjar å drikke tidleg ofte kan ha andre åtferdsvanskar, problem på skule, og eit dårlegare forhold til sine foreldre. Drikking i tidleg alder gir også større risiko for å utvikla eit problem med tyngre rusmidlar, meir kriminalitet, dårlegare helse og ein får oftare problem seinare i livet.

I ungdata-undersøkinga vert alkoholbruk blant unge målt gjennom spørsmålet: «*kor mange gangar har du drukket så mykje alkohol at du har følt deg rusa det siste året (siste 12 månadar)?*». Blant ungdomsskuleelevane i Fjell kommune var det 11 prosent av elevane som svarta at dei hadde vore rusa minst ein gong det siste året (tal frå 2019). Snittet for Hordaland fylke var i same år på 9 prosent, medan nasjonalt låg snittet på 13 prosent. Fjell gjorde også same undersøkinga tilbake i 2015, og då var denne prosentdelen på vesentleg mindre; 5 prosent.

Sund kommune gjennomførte ungdata-undersøkinga sist i 2017, og då var det 13 prosent av ungdomsskuleelevane som hadde vore tydeleg rusa minst ein gong, same som landssnittet. I tidlegare Øygarden kommune var det 10 prosent av ungdomsskuleelevane i 2017 som oppgav å ha vore rusa minst ein gong, medan talet var vesentleg høgare i førre undersøking i 2012 – 22 prosent.

---

## CANNABIS

Cannabis er det vanlegaste narkotiske stoffet, og er både ulovleg og stort sett sterkt fordømt. Samtidig er det ein del ulike oppfatningar om det er farlegare, isolert sett, å debutera tidleg med cannabis enn med alkohol. Det er likevel ein vesentleg forskjell i at Cannabis er eit ulovleg stoff. Ungdata-undersøkinga syner at bruk av cannabis blant elevar på ungdomsskule gjekk ned i perioden mellom 2011-2016, for så å stiga ytterlegare siste år. Tala frå ungdata-undersøkinga i 2019 syner at om lag 4 prosent av ungdomsskuleelevane i Noreg har nytta cannabis minst ein gong siste året. Det ser også ut til å vera forskjellar på kjønn, med fleire gutar enn jenter som oppgir å ha brukt cannabis. Dette gjeld uavhengig av om ein spør elevar på ungdomstrinnet eller på vidaregåande skule.

I Fjell kommune har ein den siste tida sett ein trend med auka rusmisbruk blant ungdomar. I rapporten ungdom og rus som er utarbeida i Fjell kommune våren 2019 viser ein til eit auka omfang av illegale rusmidlar blant ungdom. Rapporten peikar på fleire årsakar til dette, som blant anna enklare tilgang til illegale rusmidlar, ei endring i haldninga til illegale rusmidlar, samt utanforskap og vanskar hos barn og unge som gjer dei særleg utsett. Ungdata-undersøkinga i Fjell stadfestar også dette, med ein auke i bruk av cannabis i perioden mellom 2015-2019. Første gang Fjell kommune gjennomførte Ungdata var

i 2015, og då var det 2 prosent av elevar i ungdomsskulen som sa at dei hadde prøvd cannabis minst ein gong siste året. I 2019 er prosentdelen auka til 4 prosent, og ligg dermed over fylkessnittet og på same snitt som landet. Vidare syner tala frå ungdatabasen at heile 10 prosent oppgir å ha fått tilbod om cannabis, noko som er omtrent på landssnitt (11 prosent).

Tidlegare Øygarden kommune gjennomførte ungdatabasundersøkinga først i 2012, og låg då like høgt som landsnittet når det gjeld bruk av cannabis blant ungdomsskuleelevar, 4 prosent. Ein såg også at tilgangen på cannabis var høg samanlikna med landet, der 21 prosent oppgav å ha tilgang til hasj, mot 18 prosent nasjonalt. I 2017-tala ser ein likevel ein nedgang til tre prosent blant dei som har prøvd cannabis ein gang eller meir. Sund kommune har hatt motsett utvikling, med 2 prosent i 2015, og 3 prosent i 2017.

---

## RUSMIDDELBRUK BLANT VAKSNE

Dei siste åra har dei tre kommunane også kartlagt personar over 16 år med rusmisbruk gjennom verktøyet BrukarPlan. Dette verktøyet er utvikla av KORFOR – regionalt kompetansesenter for rusmiddelforskning, Helse Vest. BrukarPlan kan nyttast til å kartlegga omfang og karakter av rusmiddelbruk i kommunen. Sidan 2015 har kartlegginga også omfatta personar med kjent psykisk helseproblem, utan rusproblem.

I 2019 har alle dei tre kommunane gjennomført BrukarPlan-kartleggingar. Det er ulike kva for tenester som kartlegg i dei tre kommunane. Resultata frå 2019 føreligg ikkje på det noverande tidspunkt, men vil koma i løpet av våren 2020. Dersom ein studerer tala frå dei to siste åra får ein likevel eit inntrykk av korleis rusomfanget i kommunen ser ut. Desse er basert på kartleggingar gjennomført i Sund og Fjell, og må difor tolkast med atterhald om at det ikkje speglar heile storkommunen. Det er likevel liten grunn til å tru at tidlegare Øygarden kommune skil seg særleg ut frå resultata til Fjell og Sund. Både i Fjell og i Sund kommune er det omsorgstenesta som har kartlagt i BrukarPlan, og det er til saman 146 brukarar som er kartlagd i 2018. Dette gir ein prevalens som er noko lågare enn på landsbasis. Dei aller fleste av rusmisbrukarane som er kartlagde har eit samtidig rus- og psykisk helseproblem. Ein ser også store kjønnsforskjellar når det gjeld rus, med ein klar overvekt av menn (rundt 70 prosent). Når det gjeld nasjonalitet har så nær som alle Noreg som fødeland. Dette er også same trend som ein ser nasjonalt.

Både nasjonalt, og i Fjell og Sund kan ein sjå samanheng mellom utdanningsnivå og rusproblem. Det er ei overvekt av dei som er kartlagde som har grunnskule som høgast fullførte utdanning, og gruppa som heilskap har lågare utdanningsnivå samanlikna med resten av befolkninga. Det er likevel viktig å peika på at det er ein stor prosentdel av dei som er kartlagd der ein ikkje kjenner til utdanningsnivå (nær ein tredjedel).

Kommunen har eit viktig ansvar i å kartleggja rusmisbrukarar som har omsorg for barn, og her ligg det eit stort ansvar på tenestene. I Sund og Fjell kommune er det mellom 25-30 prosent av dei kartlagde som har barn, men berre dei færraste har omsorg for barna. Det er likevel ein del som har samvær med barn.

Dei fleste som er kartlagt i BrukarPlan har tilfredsstillande buforhold. Rusmisbrukarar har også vore ei prioritert målgruppe i bustadsosialt arbeid siste åra. Når det gjeld deltaking i meningsfulle aktivitetar

er det derimot få som har tilfredsstillende tilbud. Dette er også tilbakemeldingar frå dei som arbeidar med målgruppa - det er vanskeleg å få finna eigna tiltak.

Når det gjeld val av rusmidlar er det alkohol som er det mest vanlege, etterfølgt av Cannabis, illegale midlar og sentralstimulerande midlar. Det er mellom 20-35 prosent som injiserer rusmidlar, og mellom 5-8 prosent av desse som har tatt overdose. Ein høgare prosentdel står i fare for å ta overdose. Det er relativt stor variasjon mellom kommunane når det gjeld tilbud om organisert utdeling av utstyr til injisering. I Fjell har i overkant av 70 prosent tilbud om dette, medan det er om lag 46 prosent i Sund.

Eit anna viktig funn i BrukarPlan er at majoriteten av rusmisbrukarar som er kartlagde har hatt langvarig psykiske lidningar (over 3 år). Gjennom intervju i tenestene kjem det også fram at det kan vera vanskeleg å samhandla i tenestene rundt brukarar med samtidig rusproblem og psykisk helseproblem. Dette til tross for at det er kome mange retningsgivande dokument for denne målgruppa dei siste åra. BrukarPlan syner likevel at mange av dei kartlagde har ansvarsgrupper der både fastlege, helse- og omsorgstenester, pårørande og spesialisthelsetenester som deltek.

Når det gjeld inntekt har dei aller fleste av dei kartlagde rusmisbrukarar økonomiske ytingar frå NAV som hovudinntektskjelde (mellom 80-90 prosent).

## F - HELSETILSTAND

### KORLEIS ER HELSA TIL BEFOLKNINGA?


Helsetilstanden i befolkninga er mellom anna påverka av førekomsten av sjukdommar. Ein del sjukdommar er relatert til livsstil, og kan i mange tilfelle førebyggjast. Døme på slike sjukdommar er type-2 diabetes, hjarte- og karsjukdom, kroniske smerter, psykiske lidningar, kreft og belastningssjukdommar. Helsetilstanden i befolkninga er også avhengig av andre faktorar enn livsstilssjukdommar. Faktorar som påverkar helsetilstanden er ofte samansette og vil difor involvera dei fleste andre tema som er omtalt i folkehelseoversikta.

#### Hovudtrekk frå dette kapitlet

- Høgare førekomst av psykiske symptom og lidningar enn resten av landet, særskild i aldersgruppa 15-29 år.
- Høgare førekomst av muskel- og skjelettplager enn i landet og fylket.
- Høgare førekomst av diabetes type-2 enn i landet og fylket.
- Høgare førekomst av hjarte- og karsjukdommar.
- Skilnad mellom kommunane når det gjeld tidleg død (0-74 år)
- Meir enn dobbelt så høg førekomst av narkotikautløyste dødsfall enn landet og fylket.

---


## PSYKISK HELSE



Kjelde: Kommnehelsa statistikkbank (FHI 2019)

Miljøforhold spelar ei viktigare rolle enn genar når det gjeld å utvikla psykiske plager, depresjon, angstlidninga og personlegdomsforstyringar, i følge Folkehelseinstituttet. Trygg tilknytning til omsorgspersonar i barndommen gir statistisk sett betre psykisk helse seinare i livet. Sosial isolasjon og einsemd, samt traumatiske opplevingar (til dømes ulykker og vald) er døme på faktorar som aukar risikoen for å utvikla psykiske plager og lidningar. På den andre sida er sosial støtte og nære og trygge forhold til andre menneske beskyttande faktorar. Ei god sjølvkjensle, og særskild kjensla av å kunne meistre utfordringar og problem, har også mykje å seie for god psykisk helse.

## MUSKEL- OG SKJELETTSJUKDOM OG -PLAGAR




\*\* Dette vert presentert i folkehelseprofilane 2019.

Kjelde: Kommnehelsa statistikkbank (FHI 2019)

Når det gjeld muskel- og skjelettsjukdom og –plagar viser folkehelseprofilane at i Hordaland fylke er det færre med slike sjukdommar og plager enn i landet elles (per 1000 innbyggjarar som oppsøkte primærhelsetenesta i 2015-2017). I Sund, Fjell og tidlegare Øygarden er det derimot fleire innbyggjarar med muskel- og skjelettsjukdom og –plager enn i resten av landet. Det er lite skilnad mellom dei tre kommunane. I følgje Folkehelseinstituttet er muskel- og skjelettsjukdommar dei vanlegaste årsakene til sjukefråver og uføre. Førekosten av desse sjukdommane er aukande med alder. Ein sittestillande livsstil og til ein viss grad overvekt aukar også risikoen for å utvikla muskel- og skjelettsjukdommar. Muskel- og skjelettsjukdommar er meir vanleg blant personar med låg sosioøkonomisk status.

## FØDSELSVEKT



Kjelde: Kommnehelsa statistikkbank (FHI 2019)

Høg fødselsvekt gir auka risiko knytt til sjølvne fødselen. Lengda på svangerskapet, mor sine røykevanar, helsetilstand og leveforhold, arvemessige forhold og etnisitet kan verka inn på barnet si fødselsvekt. Låg fødselsvekt er ein viktig risikofaktor for barnet si utvikling og helse (Kommnehelsa statistikkbank/Folkehelseinstituttet).


I heile landet har prosentdelen barn som blir født med høg fødselsvekt gått ned dei siste åra. Det har også vore ein liten reduksjon i prosentdelen barn som har låg vekt ved fødsel. Tidlegare Sund og Øygarden kommune er om lag på same nivå som Hordaland og landet elles (gjennomsnitt 2009-2018), men i Sund har det dei siste åra vore ein liten auke i prosentdelen som har høg fødselsvekt. Fjell har derimot større prosentdel barn med høg fødselsvekt enn landssnittet.

Når det gjeld barn med låg fødselsvekt har prosentdelen lagt stabilt på rundt 3,5 prosent dei siste 15 åra for heile landet. I Hordaland er prosentdelen omtrent den same, men her har det vore ein liten



reduksjon i løpet av denne perioden. I Sund og Fjell har det gjennom heile perioden vore ein lågare prosentdel med låg fødselsvekt enn i Hordaland og landet elles, men prosentdelen har vore marginalt aukande. Tidlegare Øygarden kommune har ein høgare prosentdel barn med låg fødselsvekt, men den er redusert frå gjennomsnittleg 5,2 prosent i perioden 2005-2014, til 3,9 prosent i perioden 2009-2018.

## DIABETES TYPE-2




Per 1 000 innbyggjar. Kjelde: Kommunehelse statistikkbank (FHI 2019)

I følgje Folkehelseinstituttet er overvekt ein viktig risikofaktor for utvikling av type 2-diabetes. Førekomst av type 2-diabetes kan difor seie noko om kosthald og fysisk aktivitet i befolkninga. Røyking er også ein risikofaktor for å utvikla diabetes. Det er sosioøkonomiske og geografiske skilnader i førekomsten av diabetes type-2.

Riktig kosthald, mosjon og vektreduksjon kan for nokre normalisera blodsukkeret og halda sjukdommen under kontroll. Rundt 70 prosent av pasientane må behandlast med blodsukkersonkande legemiddel. Bruk av legemiddel til behandling av type 2-diabetes kan difor nyttast som ein indikator på førekomsten av type 2-diabetes i befolkninga. Førekomsten av type 2-diabetes er aukande i heile landet, og i tidlegare Sund, Fjell og Øygarden er førekomsten høgare enn i landet elles.


## HJARTE- OG KARLIDINGAR



Kjelde: Kommunehelse statistikkbank (FHI 2019)

Førekomsten av hjarte- og karsjukdom kan gi informasjon om levevanane i befolkninga. Dei siste ti åra har det vore ein nedgang i førekomsten av desse sjukdommane både nasjonalt og lokalt, men førekomsten av risikofaktorar som røyking og fysisk inaktivitet tyder på at lidningane framleis vil ramma mange (Kommunehelse statistikkbank/Folkehelseinstituttet). Både tidlegare Sund, Fjell og Øygarden har høgare førekomst av hjarte- og karsjukdom samanlikna med landet elles.

## KREFT, NYE TILFELLE




Kjelde: Kommunehelse statistikkbank (FHI 2019)

Kreft er ei fellesnemning for ei rekkje sjukdommar som kan ha ulike risikofaktorar og ulik sjukdomsutvikling. Det tar ofte lang tid frå eksponering til ein utviklar kreft, difor kan det vera mange faktorar som medverkar til at sjukdommen oppstår. Kosthald, fysisk aktivitet, røyke- og alkoholvanar er faktorar som har innverknad på kreftførekomsten. Det vert anslått at eitt av tre krefttilfelle heng saman med levevanar. Ei endring i levevanane i befolkninga har difor eit stort potensiale til å redusera risikoen for å utvikla kreft (Folkehelseinstituttet).


Førekomsten av nye krefttilfelle er noko lågare i Sund enn nasjonalt, medan i Fjell og tidlegare Øygarden er førekomsten noko høgare. I tidlegare Øygarden kan ein også sjå at førekomsten har auka meir enn i landet elles.

## DØDSÅRSAKER




Kjelde: Kommunehelse statistikkbank (FHI 2019)

Dei vanlegaste dødsårsakene som fører til tidleg død i Noreg er hjarte- og karsjukdommar og kreft, i følge Folkehelseinstituttet. Informasjon om tidleg død av gitte sjukdomsgrupper gir oss viktig informasjon om kor me bør setta inn førebyggjande tiltak. Når det gjeld tidleg død er det variasjonar i dødelegheita mellom dei tre kommunane. Medan Sund har lågare førekomst enn landet elles, har tidlegare Øygarden fleire dødsfall blant personar under 75 år, målt per 100 000 innbyggjar.



Kjelde: Kommnehelsa statistikkbank (FHI 2019)

Ser me nærare på dødsårsaker som fører til tidleg død i dei tre kommunane ser me at også i desse kommunane er kreft og hjarte- og karsjukdommar dei viktigaste dødsårsakene. Dødsfall som følgje av KOLS og lungkreft har vore fallande i Sund og tidlegare Øygarden dei siste åra, medan i Fjell har talet på dødsfall per 100 000 innbyggjar knytt til desse sjukdommane vore relativt stabilt. Talet på dødsfall knytt til kreft har vore fallande i tidlegare Øygarden dei siste åra, etter å ha auka mykje ein periode. Valdsame dødsfall inkluderer hovudsak ulykker og sjølv mord. Førekomen av valdsame dødsfall er noko høgare i tidlegare Øygarden enn i dei to andre kommunane, men her kan små tal gi store utslag i statistikken.



Kjelde: Kommnehelsa statistikkbank (FHI, 2020)

Narkotikautløyste dødsfall inkluderer overdose og sjølv mord som følgje av narkotikabruk. I Øygarden kommune er førekomsten av narkotikautløyste dødsfall meir enn dobbelt så høg som i Vestland fylke, og nær 2,5 gongar så høgt som landet elles. I følgje Folkehelseinstituttet vil høg førekomst av narkotikautløyste dødsfall tyde på at det finst eit lokalt brukarmiljø i kommunen. Eit eksisterande brukarmiljø gjer det lettare å få tilgang til narkotiske stoff også for personar utanfor brukarmiljøet, og aukar risikoen for rekruttering og auka narkotikabruk i befolkninga.

## KJELDER

- Avinor
  - Handlingsplan mot fly- og helikopterstøy. Bergen lufthavn Flesland 2018-2023
- Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet
  - Nasjonalt aktsomhetskart for radon
- Folkehelseinstituttet
  - Folkehelse rapporten 2018 – Helsetilstanden i Norge 2018
  - Kommnehelse statistikkbank 2019
  - Folkehelseprofilar for kommunane 2019
- Folkehelsemeldinga.
  - Mestring og muligheter. Meld. St 19 (2014-2015)
  - Gode liv i eit trygt samfunn. Meld. St 19 (2018-2019)
- Hordaland fylkeskommune:
  - Folkehelseoversikta Hordaland 2018
  - Statistikk.ivist.no
- Miljødirektoratet
  - Nasjonalt beregningsverktøy for lokal luftkvalitet
  - Luftkvalitet i arealplanlegging – veiledning til retningslinje T-1520 (<http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Forurensing/Luftkvalitet/Luftkvalitet-i-arealplanlegging/>)
  - Miljøkommune.no
- NAV
- NIBR
  - Helgesen, Marit et.al (2014): Bolig og folkehelse – hva er sammenhengen? NIBR, rapport 2014:16
- NOVA
  - Hyggen, Christer et.al (2018): Muligheter og hindringer for barn i lavinntektsfamilier. NOVA, rapport 11/2018
- Statistisk sentralbyrå (SSB)
- Telemarksforsking
  - Vareide, Knut og Svenja Doreen Roncossek (2017): Regional analyse for Fjell, Os, Meland og Lindås. Næringsutvikling, befolkningsutvikling og Scenarier. Telemarksforsking, rapport 25/2017.
- Ungdata-undersøkinga 2017 og 2019
- Utdanningsdirektoratet
  - Skoleporten.udir.no
  - Elevundersøkinga